



Syklist på Dauremålsnibba. Foto: Ronny Solheim.

Årsmelding 2016

Rådmannen si årsmelding datert 26. april 2017 med korrigeringar datert 7. juni 2017.

Innhald

Viktige hendingar i året.....	3
Kommunereforma.....	3
Brann i heradshuset	3
Avtale om Gloppen Energi AS	4
Politisk organisering og leiing	5
Politisk leiing	6
Rådmannen har ordet	9
Administrativ organisering og leiing	10
Medarbeidarar og personalpolitikk	12
Kva har vi gjort med utfordringane våre?	17
Tenesteområda	19
Hovudtal for 2016	19
Formannskapet	19
Oppvekstutvalet.....	21
Helse- og omsorgsutvalet.....	26
MULTEK-utvalet – teknisk sektor	32
MULTEK-utvalet – kultur og utvikling.....	39
Stab og støtte	43
Samarbeid og interkommunale tenester	46
Lokalsamfunn	47
Kven representerer Gloppen kommune?	50
Årets prisvinnarar i 2016	51



Våren og forsommaren 2016 hadde ordførar Leidulf Gloppestad pappapermisjon. I denne perioden rykka varaordførar Magni Aa Berge (Sp) opp som ordførar og Hege Lothe (SV) kom inn som ny varaordførar. På formannskapsmøtet den 20. juni 2016 fekk dei takk for god innsats av Svein-Ottar Sandal (KrF) og Gunnvor Sunde (Samfunnsdemokratane). Foto: Jan Kåre Fure.

Viktige hendingar i året

Kommunereforma

Etter utgreiingsarbeid, nabodiskusjonar og folke-røysting vedtok Gloppen kommunestyre den 17. juni at Gloppen skal halde fram som eigen kommune. Arbeidet med kommunereforma hadde då pågått i lang tid. I 2015 vart det klart at det ikkje var grunnlag for ei stor kommunesamanslåing i Nordfjord. Stryn og Hornindal avviste med ein gong å greie ut heile Nordfjord som ein kommune, og seinare på året vart det også klart at eit mindre alternativ med Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn heller ikkje var aktuelt. Heilt på slutten av 2015 vart det avklara at Gloppen heller ikkje hadde noko samanslåingsalternativ mot Sunnfjord.

Dermed vart all innsats retta mot ei samanslåing med Eid kommune. Vi forhandla oss fram til ein avtale om samanslåing, som vart presentert for dei to kommunestyra den 22. februar 2016. Etter denne avtalen skulle Eid og Gloppen slåast saman til ein ny kommune frå 1. januar 2020, med Sandane som komunesenter og Eid som administrasjonsstad for oppvekst og helse- og omsorgstenestene.

Avtalen vart lagt ut til folkeavrøysting den 30. mai 2016. Resultatet vart ulikt i dei to kommunane. I Eid var det fleirtal for avtalen og ei samanslåing, medan glopparane sa nei (sjå nærmare om folkeavrøystinga på side 8 i årsmeldinga). Til grunn for folkeavrøystinga låg avtalen om samanslåing og ei utgreiing frå rådmannen om det såkalla '0-alternativet', som var å halde fram som eigen kommune.

Punktum for vårt arbeid med kommunereforma vart sett av kommunestyret den 17. juni 2016. Mot åtte røyster vart det vedteke at Gloppen skal halde fram som eigen kommune. Det vart likevel lagt til at bru mellom Anda og Lote gjev grunnlag for å ta saka opp att.

Det er ikkje gjort noko utrekning over kor mykje arbeid og ressursar vi har brukt på kommunereforma, men det er ikkje lite. Rådmannen skreiv i oppsummeringa av saka til kommunestyret den 17. juni 2016: «I tillegg til folkeavrøystinga og innbyggarundersøkingane har vi drive eit omfattande informasjonsarbeid i saka. I samarbeid med Firda Tidend har rådmannen jamleg orientert om status i arbeidet med kommunereforma. På kommunen si heimeside ligg alle vedtak og utgreiingar i saka. Vi har halde tre folkemøte om saka og møte på dei to

ungdomsskulane våre og på Firda vgs. for 16- og 17-åringane. Vi har sendt ut informasjon til alle husstandane både om arbeidet vår mot Sunnfjord-kommunane og om avtalen med Eid og '0-alternativet'. I tillegg kjem alle møte og innlegg i avisene og i sosiale media regi av parti, organisasjoner og enkeltpersonar. Vi må derfor kunne seie at saka er og har vore godt opplyst.»

Rådmannen konkluderte med at vi kan 'stå oppreiste' for kommunen sitt arbeid med kommunereforma. Den konklusjonen står seg også i dag etter rådmannen si vurdering, sjølv om arbeidet med kommunereforma i kommunane rundt oss har teke nokre uventade vendingar.

Det er likevel ikkje sikkert at siste ordet er sagt i saka om ein ny kommunestruktur.



Omslaget på brosjyren som vart sendt alle husstandane i Gloppen før folkeavrøystinga.

Brann i heradshuset

I august brann heradshuset på Sandane. Det meste av historisk verdi vart berga. Kommuneadministras-

sjonen har vore i mellombelse lokale på ulike stadar på Sandane frå branndagen. Frå oktober er

administrasjonen samla på Søreide og vert der til heradshuset er klar til innflytting.

Brannen og den påfølgjande utflyttinga frå heradshuset har sjølvsgart sett sitt preg både på administrasjonen og det politiske arbeidet i andre halvår 2016. Brannen oppsto i det elektriske anlegget i taket over kommunestyresalen, men etterforskinga av brannen har ikkje greidd å slå fast den nøyaktige brannårsaka.



Takka vere stor innsats frå brannmannskapet, vart berre den venstre halvdelen av heradshuset skada. Tredje etasje av sjølvre brannen og dei to andre etasjane av sløkkinga. Kommunestyresalen vart heilt øydelagd.

Det aller meste av kommunen sitt arkivmateriale vart ikkje øydelagd. Ingen kom til skade og kommuneadministrasjonen var operative nesten med ein gong. Rådmannen vil også her i årsmeldinga gje alle dei tilsette på heradshuset stor honnør og ros for innsatsen og innstillinga for å halde det gåande også då det såg nokså håplaust ut.

Vi fekk ikkje avklara i 2016 kva det vil koste å setje heradshuset i stand att og heller ikkje når bygget er klar til ny bruk. Huset er fullverdiforsikra og kommunen vil ikkje få utgifter til å bygge opp att den delen av bygget som er skada.

Ein utbrent kommunestyresal tidleg om morgonen den 11. august 2017. Foto: Jan Kåre Fure.

Avtale om Gloppe Energi AS

Arbeidet med å omorganisere eigarskapen i Gloppe Energi AS vart fullført ved at konsernstyret i Sogn og Fjordane Energi AS og Gloppe kommunestyre vedtok den framforhandla avtalen om delt eigarskap mellom SFE AS og Gloppe kommune når det gjeld kraftstasjonane i Gloppeelva. John Morten Selsvik vart tilsett som dagleg leiar i selskapet. 2016 var det første driftsåret til «nye» Gloppe Energi AS.



Signering av avtalen mellom SFE AS og Gloppe kommune om Gloppe Energi AS. Frå venstre: Ingolf Aagård (styreleiar Gloppe Energi AS), Magni Åa Berge (fung. ordførar), Johannes Rauboti (konsernsjef SFE AS) og Ola Lingaas (konserndirektør SFE produksjon AS). Foto: Jan Nik. Hansen, Firda Tidend.


Politisk organisering og leiing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval (inkludert administrasjonsutvalet) og formannskap. Alle medlemmene i kommunestyret er plasserte i

formannskapet og hovudutvala. I tillegg sit leiaren i kontrollutvalet også i kommunestyret. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2015 ved å redusere talet på hovudutval frå fem til fire.

Politisk organisering

Gjeld frå 2. november 2015



Politisk organisasjonskart ved årsskiftet 2015/2016.

Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressurssaker.

Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og MULTEK-utvalet (reguleringsplansaker).

I saker som gjeld arbeid med årsbudsjettet og økonomiplanen blir formannskapet utvida med gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet til eit **finansutval**.

MULTEK-utvalet er kommunen sitt organ i viltsaker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisjonar.

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

Valstyret er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

Arbeidsmiljøutvalet er eit lovpålagt organ der arbeidsgjever og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Leiaren i administrasjonsutvalet er ein av arbeidsgjever sine representantar i utvalet.

Politisk leiing



Ordførarkontor på biblioteket. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ordførar Leidulf Gloppestad frå Senterpartiet vart vald til ordførar i 2015. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Magni Aa Berge (Sp).

Fra 21. april til 29. juni var Magni Aa Berge (Sp) ordførar og Hege Lothe (SV) varaordførar medan Leidulf Gloppestad (Sp) hadde pappapermisjon frå ordførarvervet.

Utvælsliaarane er Arnfinn Brekke (KrF) i helse- og omsorgsutvalet, Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet, Arnar Kvernevik (Ap) i MULTEK-utvalet og Bjarte Gangeskar (V) i administrasjonsutvalet.

Ordføraren representerer Gloppe kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 50 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Kommunestyret - 2015-2019

Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Magni Aa Berge
3. Jeffrey Thomas
4. Kent Øystein Hjelle
5. Bernt Reed
6. Olaf Sigurd Gundersen
7. Jostein Arne Rørvik
8. Vidar Sandal
9. Per Rune Vereide
10. Marit Straume
11. Solveig Lien Gusdal

Høgre (H)

1. Anniken Rygg
2. Jan Asle Rustøen

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik

Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Brekke
3. Leidulf Rygg Bogstad
4. Venke Kollbotn
5. Per Ståle Husevåg
6. Audun Mundal
7. Frode Fagerli

Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Liv Petra Holme

Miljøpartiet dei grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

- Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar
Magni Aa Berge (Sp) - varaordførar
Bernt Reed (Sp)
Svein-Ottar Sandal (KrF)
Venke Kollbotn (KrF)
Arnfinn Brekke (KrF)
Gunnvor Sunde (SD)
Arnar Kvernevik (Ap)
Bjarte Gangeskar (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er finansutval (sjå omtale på side 5), generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.

Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Arnfinn Brekke (KrF) – leiar
Olaf Sigurd Gundersen (Sp) – nestleiar
Per Ståle Husevåg (KrF)
Marit Straume (Sp)
Vidar Sandal (Sp)
Anniken Rygg (H)
Liv Petra Holme (Ap)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergsens legat.

Oppvekstutvalet (OPV)

Bernt Reed (Sp) – leiar
Hege Lothe (SV) – nestleiar
Jeffrey Thomas (Sp)
Jostein Arne Røyrvik (Sp)
Gunnvor Sunde (SD)
Svein-Ottar Sandal (KrF)
Venke Kollbotn (KrF)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

MULTEK-utvalet

Arnar Kvernevik (Ap) – leiar
Audun Mundal (KrF) – nestleiar
Kent Øystein Hjelle (Sp)
Solveig Lien Gusdal (Sp)
Edgar Kvernevik (SD)
Jan Asle Rustøen (H)
Marie Eikeset Koren (MDG)

MULTEK-utvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
Bjarte Gangeskar (V) – leiar
Magni Aa Berge (Sp) – nestleiar
Per Rune Vereide (Sp)
Leidulf Rygg Bogstad (KrF)
Frå dei tilsette
Tone Kristin Morken (Fagforbundet)
Marie Gjengedal (Fellesorganisasjonen)
Kristin Sælen (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

Kontrollutvalet

Frode Fagerli (KrF) – leiar
Bjarne Bø (Sp) – nestleiar
Ingrid Aske (KrF)
Charlotte R. Holtan (SD)
Jenny Hysing (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.



Frå fellesmøtet mellom kommunestyra i Gloppen og Eid då avtalen om kommunesamanslåing vart presentert den 22. februar 2016. Foto: Jan Kåre Fure.

Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2016	2015	2014	2013	2012	
Kommunestyret	108	86	91	83	112	*MULTEK-utvalet er ei samanslåing av det som i førre valperiode var kultur- og miljøutvalet og teknisk og miljøutvalet.
Formannskapet	161	149	137	154	160	
Helse- og omsorgsutvalet	44	50	45	44	57	
Oppvekstutvalet	48	42	39	37	53	Tabellen viser også samla saksmengde for desse utvala fram til samanslåinga i oktober 2015.
MULTEK-utvalet*	137	125	143	156	145	
Administrasjonsutvalet	19	22	22	24	32	
Kontrollutvalet	45	36	30	27	34	
Eldrerådet	28	24	24	32	32	**Ungdomsrådet fører ikkje tradisjonell møtebok, så tala er for dette rådet er ikkje direkte samanliknbare med dei andre råda.
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	30	18	22	19	18	
Ungdomsrådet**	27	24	22	14	43	

Folkerøysting om kommunesamanslåing med Eid

2016 var ikkje noko vanleg valår, men det vart eit val dette året likevel. 30. mai 2016 var det folkeavrøysting i Eid og Gloppe om samanslåing av dei to kommunane. For Gloppe sin del vart dette finalen for eit omfattande og arbeidsamt prosjekt med kommunereforma. Spørsmålet som vart stilt ved folkeavrøystinga var: «Skal Eid og Gloppe kommune slå seg saman til ein ny kommune?». Svaralternativa var: JA og NEI. I tillegg var det høve til å røyste blankt. For første gong i Gloppe fekk 16- og 17-åringane høve til å røyste. Resultatet av folkeavrøystinga vart:

Alternativ	Valresultat	I prosent
JA til samanslåing med Eid	1.443 røyster	47,16 %
NEI til samanslåing med Eid	1.555 røyster	50,81 %
Blank	62 røyster	2,03 %

Valloppslutninga var 67 %. 117 av 155 16- og 17-åringar røysta. Det gjev ei valdeltaking i denne gruppa på 75,48 %. Særleg slutta 10. klassingane opp om avrøystinga. Alle dei tre klassane ved Gloppe ungdomsskule var innom i skuletida saman med lærar og røysta. Det er veldig bra!

På bakgrunn av resultatet frå folkeavrøystinga konkluderte kommunestyret på møtet den 17. juni 2016 med at Gloppe kommune held fram som eigen kommune.



Frå oppteljinga etter folkeavrøystinga 30. mai 2016. Rundt bordet f.v. Arnar Kvernevik (Ap), Svein-Ottar Sandal (KrF), Mariann Brynestad Skaaden og Arnfinn Brekke (KrF). Foto: Jan Kåre Fure.

Rådmannen har ordet



Det er særleg to saker som vil bli trekke fram når soga om 2016 i Gloppen skal skrivast: Det var det året heradshuset brann og det var då vi sa nei til å slå oss saman med Eid. Brannen i heradshuset var dramatisk, men ikkje katastrofalt. Kor dramatisk det var å seie nei til eidarane, er for tidleg å konkludere med.

Stenginga av badeanlegget i Trivselshagen vil sjølv sagt også bli ståande som ei 2016-sak. Det tørrlagde bassenget har vore frustrerande for alle, og særleg har mange vore forarga over kor seit det har gått å ordne opp. Kva sluttrekninga blir, og kven som må betale, er ikkje klart når dette er skrive.

Av andre forargelege saker må takast med at Gloppen hamna på ROBEK-lista då Fylkesmannen i sommar oppdaga at vi hadde gløymt å føre inn bruk av disposisjonsfondet for å dekke ubalansen i økonomiplanen fram til 2019. Meininga var å ta att planen våren 2016, men dette fekk vi ikkje tid til.

Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

2016 såg lenge ut til å bli eit godt år, og når vi får året litt på avstand og heradshuset på stell igjen, vil nok året også bli 'godkjent'. Det er sjølv sagt dramatisk når rådhuset i ein kommune tar fyr og må fråflyttast slik vi måtte i august. Men sjølv om brannen og utflyttinga har ført med seg ulepper og meirarbeid, tykkjer rådmannen det har gått greitt. Alle har teke utfordringane på strak arm og gjort sitt beste. Det var ikkje mange dagane administrasjonen var sett ut av spel. Så godt som alt arkivmateriale vart berga og dataløysingane har vore operative heile tida. Både Nordfjordnett og Fylkesarkivet sine folk har vore til stor hjelp, i tillegg til våre eigne tilsette. Stor takk til alle.

Nei til samanslåing, ja til samarbeid

Det er ikkje råd å la vere å omtale kommunereforma også i dette kapitlet. Rådmannen vil ikkje spekulere i kva som til sjuande og sist vart avgjande for at fleirtalet av glopparane sa nei til samanslåing med Eid i folkeavrøystinga, men det manglande brusambandet over vår del av Nordfjorden var nok sterkt medverkande. Vi ser no i ettertid at store avstandar og manglande samband mellom kommunane ikkje blir sett på som noko hinder for samanslåing i nabølaget vårt. Rådmannen meiner dette er heilt spesielt for Nordfjord. Ingen andre stader i landet ser vi slike samanslåingar.

Samarbeid er eit alternativ til samanslåing. Vi har eit svært omfattande samarbeid i Nordfjord på det faglege og det praktiske området. Både ordføraren og rådmannen har teke opp att i mange samanhengar at Gloppen sitt nei til kommunesamslåing ikkje er noko nei til samarbeid. Både i Nordfjordrådet og i rådmannsgruppa i Nordfjord har dette vore Gloppen sin politikk. I 2016 inngjekk vi avtalar med Eid om felles landbrukskontor og felles skattekrevjar. Drøftingane om utvida samarbeid om barnvern førte til avtale om felles vaktordning for

Gloppen, Eid og Stryn. Avtalen om dette vart først klar i 2017.

Det har vore semje i Nordfjordrådet om å styrke samarbeidet ved å tilsetje dagleg leiar i full stilling frå 2018. Korleis dette skal gjennomførast, er ikkje avklara.

Økonomi i balanse

Det var eit arbeidsuhell som førte Gloppen inn på ROBEK-lista i 2016, og opphaldet vart kortvarig. Rådmannen har tidlegare teke på seg skulda for ROBEK-besøket, og dette står eg ved.

Rekneskapen for 2016 er gjort opp med eit lite overskot på drifta. Overskotet er mindre enn i 'kommunar det er naturleg å samanlikne seg med'. Kommunane sin interesseorganisasjon (KS) har forklart den store skatteauken i mange kommunar med ekstraordinært store utbytte som er tekne ut i 2015, og som kjem til skattlegging i 2016. I Gloppen har dette ikkje gjeve noko positivt utslag på skatteinntektene.

Rådmannen meiner 2016-resultatet er bra. Vi går med overskot trass i


- mindre skatteinntekter enn budsjettet
- å ha betalt husleige på badeanlegget som normalt utan å ha inntekter på drifta som følgje av stengt basseng
- at vi vart skattlagde med vel 1 mill. på leigeinntekta for Gloppenstasjonane som vi fekk utbetalt i 2015.

Utan desse minuspostane ville overskotet i alle fall vore dobbelt så stort.

Gode tenester

2016-tala i den årlege rangeringa av kommunane sine tenester basert på KOSTRA-tal er ikkje klar når dette er skrive. I den førebelse rangeringa ligg Gloppen på 53. plass. «Nøkkeltallene er samlet sett klart bedre enn normalen i Kommune-Norge. Nøkkeltallene er langt bedre enn økonomiske forutsetninger skulle tilsi», skriv Kommunal Rapport om Gloppen i den førebelse rapporten.

Administrativ organisering og leiing



Administrativ organisering, sist oppdatert 19. mars 2015.

Det vart ikkje gjort endringar i den administrative organiseringa i 2016, men frå 1. januar 2017 er ei mindre endring gjennomført.

Leiing og leiarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektor-modellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiar. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine sektorar/ansvarsområde: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester og kultur og utvikling. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingane*, som alle er leia at ein einigsleiar.

Rådmannen si leiargruppe er sett saman av leiarane for sektorane, pluss organisasjonssjefen, personalsjefen og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på sju medlemmer. Kultur- og utviklingssjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er både rådmannen og kultur- og utviklingssjefen vekke, fungerer organisasjonssjefen som rådmann.

Rådmannen si leiargruppe og einingsleiarane utgjer saman med økonomisjefen kommunen sitt *leiatform*.

Det vart ikkje gjort organisatoriske endringar i leiistarstrukturen i 2016.



Per Arne Strand tok til som oppvekstsjef i Gloppen kommune 1. august 2016. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Årsmelding for 2016

Ved årsskiftet 2016/2017 utgjorde desse leiарforumet:

Rådmannen si leiargruppe

Funksjon	Namn
Rådmann	Jan Kåre Fure
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand
Oppvekstsjef	Per Arne Strand*
Helse- og omsorgssjef	Anita Lothe
Teknisk sjef	Kjell Petter Solhaug
Kultur- og utviklingssjef	Jan-Kjetil Øygard
Personalsjef	Rita Lilletvedt

* Ny i 2016.

Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Vigdis Henden
Nordstranda skule	Rektor Thor Horntvedt
Sandane skule	Rektor Linn Kristin Øren*
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Margrete Huus Fjellestad
Gloppen opplæringssenter	Rektor Sonja Jordanger Loen*
PP-tenesta	PPT-leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Gerd Ynnesdal (konstituert)
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

* Nye i 2016.

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Synnøve Grov (konstituert)
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes
Gloppen omsorgssenter 1. etasje	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Oreteigen	Einingsleiar Cecilie Majchrowicz Helgheim
Åsateigen	Einingsleiar Trine Krogh
Heimetenensta Gotatoppen	Einingsleiar Marit Horntvedt
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Åsavegen bu- og avlastningsteneste	Einingsleiar Siri-Merethe Solheim
Breim heimetenensta	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Hyen heimetenensta	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Sandane heimetenensta	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
NAV Gloppen (den kommunale delen)	NAV-leiar Øyvind Hervik

Teknisk sektor	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Eigedomssjef Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbruksjef Trine Alme
Kommunalteknikk	Leiar kommunalteknikk Per Ove Fossheim
Brann og beredskap	Brann- og beredskapsjef Runar Kleppe

Kultur og utvikling	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Karin W. Ose
Kulturhuset Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Trivselshagen bad og idrett	Dagleg leiar Øystein Sundal

Til kultur og utvikling hører også overordna planarbeid, samfunns- og næringsutvikling med desse stillingane: næringssjef, rådgjevar samfunnsutvikling og folkehelsekoordinator.

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.269 lønns- og trekkoppgåver i 2016. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontaktar, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2016.

	Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	388	657	509
Menn	95	142	114
Sum	483	799	623

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal stillingar: Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

STILLINGSOVERSIKT

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner 1 – 51 % stilling	28	95
Menn 1 – 51 % stilling	4	17
Sum	32	112
Kvinner 52 – 99 % stilling	182	236
Menn 52 – 99 % stilling	16	21
Sum	198	257
Kvinner 100 % stilling	175	175
Menn 100 % stilling	76	76
Sum	249	251
Samla sum	479	620

I tala for 100 % stilling ligg også arbeidstakarar som med fleire delstillingar totalt har 100 % stilling.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	210	331	63,44
Menn	20	38	52,63

UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN

	2016	2015	2014	2013	2012
Årsverk	483	463	430	426	417


Auken i årsverk er stor og dette skulldast både endra teljemåte (timelønna som har fått fast stillingsprosent) og nye stillingar. Frå 2013 til 2016 er utgjer endra teljemåte om lag 23 årsverk. Det er oppretta om lag 36 nye årsverk frå 2013 til 2016. Desse nye stillingane er:

1. Stillingar med tilnærma full refusjon
 - Stillingsauke som følgje av mottak av fleire flyktningar, utanom enkeltvedtak knytt til denne gruppa – 13,2 årsverk
 - Stillingar dekka av andre refusjonar og tilskot – 11,45 årsverk. Her finn vi m.a. auke innsats i 1.-4. klasse i grunnskulen etter vedtak i Stortinget (3,2 årsverk), prosjektstillingar i helse og omsorg (4 årsverk), team for tidleg innsats i barnehagen (2 årsverk), utviklingsrettleiar i Nordfjord der vi er vertskommune (1 årsverk) pluss nokre deltidsstillingar, t.d. utleige av dagleg leiar til Gloppen Energi AS, sekretær for Nordfjordrådet og prosjektleiar for 'betre tverrfagleg innsats'
2. Stillingar med delvis refusjon
 - Fleire elevar (inkludert flyktningar) med enkeltvedtak – 9 årsverk. I 2012 vart det gjort enkeltvedtak om 4.000 timer. Tilsvarande tal i 2016 er 13.000 timer. Kostnaden knytt til flyktningar er dekka med auka overføringer frå staten
3. Andre stillingar
 - Stillinga som næringssjef – 1 årsverk
 - Engasjement som rådgjevar på plan og utgreiing – 0,5 årsverk
 - Engasjement på adresseprosjektet m m – 0,5 årsverk.

Dei fleste av dei nye årsverka er finansiert med refusjonar og tilskot.

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2016 har kommunen 269 arbeidstakarar over 50 år og 191 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2015 var 233 og 166. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



Likestilling og deltid

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlingar. I 2016 var det berre lokale forhandlingar for kapittel 3 og 5, og det var lite rom for å rette opp skilnader mellom ulike grupper.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønska deltid. Fokus på å redusere deltidsstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er

kvinner. Det er også eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida. Gjennom deltaking i KS sitt heiltidsprosjekt har kommunen klart å få gjennomført tiltak som har bidrige til auka stillingsprosentar til mange av dei tilsette i einingane som var med, og det blir arbeidd vidare med tilsvarande tiltak i andre aktuelle einingar.

Også i arbeidet med kommunen sin arbeidsgjevarstrategi som vart starta opp hausten 2016 blir det sett fokus på mål og tiltak for å redusere uønska deltid.

GJENNOMSNITSLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	1	1,0	100	700.000
Toppleiarar	Menn	4	4,0	100	700.000
Kap 3.4.2	Kvinner	25	24	96	579.600
Einingsleiarar	Menn	7	6,5	93	574.200
Kap 4	Kvinner	474	357	75	422.400
	Menn	94	79	87	436.600
Kap 5	Kvinner	12	9	75	509.700
	Menn	10	7,7	77	590.300

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane, og då det hovudsakleg er kvinnelege rektorar er snittlønn for kvinner i kap 3.4.2 no blitt høgre enn snittlønna for menn. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i tabellen fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande.
- Kap 4: Hovudårsaka til lønnsskilnaden mellom menn og kvinner her er at mennene i snitt har høgare utdanning og stillingsnivå enn kvinnene i gruppa.
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

Det blir arbeidd med oppfølging av innhaldet i kompetanse- og rekrutteringsplanen. Planen er eit godt verktøy i det langsigkige arbeidet med å rekruttere og mobilisere kompetanse. Planen inneheld også kommunen sin seniorpolitikk.

Innføring av seniorpolitiske tiltak har medført at tilsette som fyller 62 år kan velje mellom ulike ordningar. Dei første åra var det alternativet med pensjonsgjenvande lønnsauke på kr 10.000 som var mest aktuell. Dette har etter kvart endra seg. I 2016 var det alternativet med redusert arbeidstid/auka ferie som var mest aktuelt for dei som fylte 62 år.

Av sektorovergripande opplæring er det fokusert på to hovudområde: saksbehandling og informasjonsteknologi (sjå eige punkt 4.3 i planen for fleire detaljar). Saksbehandling er definert som ein av kjernekompasane i kommunen. Kunnskap om og handelag innan IKT er avgjerande for at kommunen skal kunne ta i bruk dei systema det er lagt opp til lokalt og gjennom Nordfjordnett. Det er også viktig med slik kunnskap for kritisk å kunne vurdere nytten av systema og korleis ein skal

vidareutvikle dei. I 2015 kartla Gloppen kommune IKT-kunnskapen til alle tilsette i eit samarbeid med Datakortet as. Resultata viser at det er behov for IKT-opplæring i alle sektorar. Opplæringa skulle ha starta opp i 2016, men kom først i gang i januar 2017.

Etter kompetanse- og rekrutteringsplanen har kommunen mål om å rekruttere juridisk kompetanse for å sikre god saksbehandling og rettstryggleiken til brukarane og innbyggjarane. Omfanget av lover og forskrifter kommunen skal halde seg til er omfattande. Frå 2014 har vi stått utan juridisk kompetanse, men i desember 2016 fekk vi tilsett ein jurist med advokatbevilling i stilling som juridisk rådgjevar og einingsleiar for plan og byggesak.

I tillegg til tradisjonelle rekrutteringsmåtar, er kommunen aktivt til stades på ulike karrieremesser. Målet med denne deltakinga er å få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakrar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMS-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv vernetenesta.

Alle nye einingsleiara, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMS-kurs blir arrangerte kvart år, t.d. blei det i 2016 halde førstehjelpskurs.

Arbeidet med fornying av HMS-arbeidet i kommunen har halde fram også i 2016. Kommunen inngjekk på slutten av 2015 avtale om å ta i bruk Kommuneforlaget sitt elektroniske kvalitetssystem. Avvikshandtering og HMS-handbok er teke i bruk i 2016, medan modulane kvalitetshandbok, risikostyring og årshjul etter planen vil bli tekne i bruk i løpet av 2017.

Kommunen har ei HMS-gruppe som er samansett av to frå administrasjonen med personalsjef som leiar, hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og hovedtillitsvald i Fag forbundet. Gruppa tek opp og drøfter mange ulike HMS-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMS-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Gruppa skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der

sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt.

Hovudverneombodet reiser årleg ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa (lokale arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

I 2016 var kommunen inndelt i 24 verneområde. Personalsjefen og hovudverneombodet har møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakrar (t.d. med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har arbeidd fram sine eigne IA-delmål som ein del av IA-avtalen, desse er innarbeidde i *Overordna HMS-plan*.

Som IA-bedrift har kommunen sin eigen rådgjevar frå NAV arbeidslivssenter. Dette er for tida Kåre Gimmestad.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen. I 2016 var det Kristin Svarstad i eininga for psykisk helse som blei heidra (sjå side 51).

BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. I 2016 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m.a. vore aktivt med i fornyinga av HMS-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, HMS-gruppa og i andre aktuelle møte ved behov.

Dei utfører arbeidshelseundersøking med utvalde grupper og 1/3 av resten av arbeidsstokken kvart år.

BHT føretok kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, arbeidsplasskartleggingar, faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr mm.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

Nærværssarbeid

I 2016 har nærværet vore på 95,1 %, som er likt med 2015.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2016				2015				2014			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,8	0,6	4,6	6,0	0,8	0,6	4,7	6,1	0,8	0,8	4,1	5,7
Helse	0,8	0,6	3,4	4,7	0,7	0,7	2,9	4,4	0,7	0,7	5,2	6,6
Andre	0,4	0,3	2,2	3,0	0,6	0,3	3,5	4,4	0,7	0,2	2,5	3,5

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakrar.

Gloppen kommune har nært samarbeid både med IA-rådgjevar i NAV og med bedriftshelse-tjenesta, og brukar dei aktivt i nærværssarbeid. BHT deltek i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakrar

etter behov. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om trening og kosthald mm.

Gloppen ligg betydeleg under både snittet for kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Norge totalt når det gjeld sjukefråvær.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Alle dokumenta blir fortløpende oppdaterte ved endringar. Dette regelverket ligg også på kommunen si heimeside og ein del skjema ligg på intranettet.

Personalreglementa til kommunen har vore revidert i 2016.

PERSONALGRUPPA

Kommunen har ei administrativ personalgruppe som består av tilsette som arbeider med lønns- og personalsaker. Dette er ei uformell gruppe som samarbeider om lønns- og personalspørsmål, tolking av regelverk mm.

HMS-GRUPPA

HMS-gruppa er samansett av to personar frå administrasjonen, hovudtillitsvald i Fagforbundet,

hovudverneombodet og ein tilsett i BHT. Personal-sjefen er leiar. I denne gruppa blir det teke opp alle slags tema, dokument og saker innan HMS-arbeidet. Saker som skal opp i AMU blir drøfta i denne gruppa på førehand. HMS-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe og AKAN-utval.

KURS OG OPPPLÆRING

I 2015 søkte vi midlar til gjennomføring av IKT-opplæring. Gjennom eit samarbeid med Folke-universitetet fekk kommunen tildelt 650.000 kr frå Staten (VOX) gjennom BKA-ordninga (Basis Kompetanse i Arbeidslivet) til gjennomføring av slik opplæring i 2016. Kursa starta opp i januar 2017.

I desember vart det igjen invitert til samling for nyttilsette. 10 nye arbeidstakrar fekk ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tenesteytar. Andre døme på lokalt arrangerte kurs med interne og eksterne undervisningskrefter:

- Kontering/fakturahandsaming
- Sakhandsaming i WebSak

- Førstehjelp
- Bruk av programvara Profil (i pleie og omsorg)
- Pensjonskurs for seniorar i regi av KLP og SPK.

NÆRVÆRSARBEID

HMS-gruppa har arbeidd med ulike tiltak på einings-nivå for å få ned sjukefråværet der det er mogleg. Døme på tiltak er tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå NAV arbeidslivssenter, bedriftshelsestenesta og Frisklivssentralen. I arbeidet blir det sett fokus på tilretteleggingsplikt frå arbeidsgjeversida og medverknadsplikt frå arbeidstakar. Einingane gjer eit godt arbeid både når det gjeld førebyggande tiltak, tilrettelegging for tilsette og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

I 2016 har gjennomsnittleg sjukefråvær vore 4,9%, det same som i 2015.

ARBEIDSGJEVARSTRATEGI

Gloppen kommune har fleire personalpolitiske planar med behov for revidering, og det manglar planar på enkelte område. Planane må sjåast i samanheng, og dei må vere i tråd med ein overordna strategi, noko kommunen manglar per i dag. Hausten 2016 vart det difor sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein meir heilskapleg arbeidsgjevarstrategi som skal samlast i eitt dokument. Arbeidsgruppa er breitt samansett av personar frå leiinga, personalavd., representantar for tilsette samt ein folkevalt. Arbeidet med strategien vil truleg pågå heile 2017.

Møte mellom leiing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde fire møte i 2016. Aktuelle tema har vore: planar for gjennomføring av medarbeidarundersøking, nye kriterie for arbeidsmiljøprisen, tildeling av arbeidsmiljøprisen, orientering frå hovudverne-ombod og bedriftshelsetenesta, sjukefråvær, avviksmeldingar og revisjon av HMS-dokument.

MØTE MED TILLITSVALDE

Det har i 2016 vore halde to møte mellom kommuneleiing og organisasjonane sine

hovudtillitsvalte. Tema har vore drøfting av årets lønnsoppgjer, drøfting i samband med revisjon av lokale personalreglement og orientering om planlagt medarbeidarundersøking.

ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovedutval i personal- og organiseringssaker.

Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing på side 8.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2016 vart tildelt Kristin Svarstad, sjå side 51.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i swing sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette i STIL-stova, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med, og fjellturar. Også her har mange vore med.

Her tar tilsette i bruk den nye Grandeparken på Sandane til sosialt lag. Foto: Anvor Hauge.

Kva har vi gjort med utfordringane våre?

Utfordringsdokumentet frå forarbeidet til kommuneplanen oppsummerer utfordringane og satsingsområda til Gloppensamfunnet i åtte punkt. Spørsmålet er no: Kva har vi – i dette tilfelle kommunen – gjort i 2016 med desse utfordringane? Det er første gongen vi prøver oss med ei slik oversikt, og rådmannen har ambisjonar om å bli betre på rapporteringa etter kvart.

Utfordring	Tiltak i 2016
Demografi Nedgang i tal vaksne i yrkesaktiv alder og ein sterk vekst i tal eldre.	Rekrutteringsutfordringar knytt til demografi og auka behov for tenester er eitt av fokusområda i arbeidet med å få på plass ein arbeidsgjevarstrategi for kommunen som vart starta opp på slutten av 2016.
Høgt aktivitetsnivå Sær mange har peika på at mange barn og familiar i Gloppen lever i ein stressande kvardag for å rekke over aktivitetar som kvar for seg er positive, men som i sum kan bli for mykje.	Dette er ei utfordring kommunen ikkje kan gjere så mykje med. Ei bevisstgjering av denne utfordringa kan føre til at foreldre og andre omsorgspersonar blir meir medvitne om problemet.
Utanforskap Inkludering av arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre utsette grupper. Dette handlar om språk- og kulturbarriere, men òg om møteplassar og tid til kvarandre.	I helse og omsorg har vi oppretta ni læreplassar for framandspråklege helsefagarbeidarlærlingar. Kommunen er IA-bedrift og tar imot personar som treng språkpraksis og/eller arbeidspraksis etter førespurnad frå NAV så langt vi har kapasitet til. Kommunen er også med i prosjektet 'jobbstrategi', eit samarbeidsprosjekt mellom NAV, Gloppen kommune, SFE og Tine, som skal gje arbeidspraksis til ungdom som står utan skule- eller jobbtilbod. Inkludering og tilgang på kulturaktivitatar har vore tema på kulturleiarmøte og på møte i ungdomsrådet. Vi har teke initiativ til samarbeidsmøte mellom kultursektoren og flyktningstenesta i NAV. Vi er involverte i to aktivitetar for unge innvandrarar. Vi har teke initiativ til samarbeid med NAV og Firda vgs om søknader til BUFDIR for prosjekt om sommarjobb og 'ung-til-ung'-aktivitetar for unge innvandrarar.
Tilknytningsproblematikk blant barnehagebarn Moglege årsakar kan vere familiesituasjon og korleis familiane bruker tida si.	Vi er har starta opp prosjektet 'Betre tverrfaglig innsats' (BTI): Tidleg inn, tverrfagleg samarbeid, fokus på heile familien. Informasjon om foreldrerettleiring på foreldremøte i barnehagane. Helsestasjon har samarbeid med familievernkontoret i Nordfjord om prosjektet 'ein god barndom varer livet ut'.
Manglande gang- og sykkelvegar Dette er problematisk på ei rekke område: Det svekker høve til kvardagsaktivitet som er viktig for helsa, fleire barn må skyssast til skulen, det vert vanskelegare å delta for dei som ikkje har bil og det gir trafikkfarlege situasjonar.	Oppstart av arbeidet med paralleloppdraget for Sandane sentrum, der forbetring for gåande og syklande er eit hovudpunkt. Møte og synfaring med fylkeskommunale representantar for å få prioritert gang- og sykkelveg langs fv 615 frå Vonheim og sørover. Vi ser på ulike trasear for ein gang- og sykkelveg frå Søreide/Bukta-området via Åsen til Sandane sentrum.

Psykisk helse Her har vi utfordringar i alle aldersgrupper, men det har kome flest innspel som gjeld ungdom - og spesielt hybelbuarar.	Samarbeidsmøte med Firda. Vi tilbyr tenester til mange av elevane på skulen. Prosjekt med ekstra helsesøsterressurs til elevar i vidaregåande opplæring. Prosjektarbeid for å finne ut om vi skal samarbeide om kommunepsykologstillingar i Nordfjord og utforming av innhaldet i stillingane.
Bustad Vi har stor mangel på utleigebustader/gjen-nomgangsbustader. Det er òg utfordrande å skaffe hus/tomter til dei som vil bu i spesielle deler av kommunen.	Myklebusstunet er under bygging. Opparbeiding av bustadfeltet i Hetlebakkane. Fleire private byggeprosjekt er i gang, eller på gang.
Sektordelt verksemد Vi som arbeider i kommunen kjenner for lite til kvarandre sine tilbod, rutinar og kompetanse. Meir samarbeid på tvers av sektorar/einingar, men også inn mot frivillige lag og organisasjonar kan gi betre og meir effektive tenester.	Oppstart av prosjektet BTI skal betre på dette. Vi har også hatt auka samarbeid i enkeltsaker som har fungert godt. Vi har jamlege møte på leiarnivå med fokus på samarbeid og samordning.



Samferdsleutvalet i fylkeskommunen møter kommunen og naboar til fv 615 i Selvågane på Sandane i mars 2016 for å sjå sjølv kor stort behov det er for gang- og sykkelveg på denne strekninga. For: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

Hovudtal for 2016

Utvalseområde	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Forbruk i %
Formannskapet	27 532 006	27 068 508	102
Oppvekstutvalet	133 480 581	131 318 828	102
Helse- og omsorgsutvalet	162 381 432	161 866 041	100
MULTEK-utvalet teknisk sektor	29 979 060	29 223 542	103
MULTEK-utvalet kultursektoren	18 680 588	15 069 701	124
Sum hovudutval	372 053 666	364 546 620	102
Sum finansiering	-375 778 319	-364 546 620	
Overskot (mindreforbruk)	3 724 653	0	

Tabellen viser eit rekneskapsmessig overskot i 2016 på vel 3,7 millionar. Den oppmerksame leser vil sjå at det er ein differanse mellom tala i denne tabellen og tala i rekneskapsskjema 1B på side 8 i rekneskapsdokumentet. For MULTEK-utvalet sitt tekniske område skuldast dette dei kalkulatoriske kostnadene på VAR-området. På MULTEK-utvalet sitt kulturområde og på oppvekstutvalet sitt område er det ein mindre differanse som skriv seg frå to utbytte. I rekneskapsskjema 1B er desse kostnadene og utbytta ført på finansområdet.

Formannskapet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap
	2016	2016	i %	2015
Politisk styring	2 610 800	2 589 408	101	2 689 771
Kontroll og revisjon	892 856	922 650	97	801 429
Administrativ leiing	5 385 163	5 445 923	99	5 414 541
Økonomiavdeling	4 214 505	4 096 954	103	4 539 706
Servicetorg	2 391 352	2 057 720	116	2 139 692
Felles IT - drift	4 791 095	4 162 962	115	3 267 669
Skatteoppkrevjing	955 712	1 042 847	92	1 018 272
Arkivtenesta	1 614 920	1 422 484	114	1 682 415
Personalkontor	1 519 185	1 597 269	95	1 557 964
Anna felles drift	2 422 231	2 341 581	103	2 681 269
Diverse fellesutgifter	158 427	113 710	139	105 237
Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid	-7 781	-	-	0
Kommunalt disponerte boligar	53 347	80 000	67	-31 762
Etablering og oppretth av eige bolig	-108 047	-	-	0
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	21 450	-	-	194 722
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	408 752	1 015 000	40	-12 908
Samferdslebedrifter/transporttiltak	208 012	180 000	116	1 464 966
TOTALT	27 532 006	27 068 508	102	27 930 803

- er lik mindreforbruk.

Samla sett viser rekneskapen ei overskridning på i om lag 465.000 kroner. Det er ikkje ei enkel forklaring på dette. Det er verd å merke seg at sluttsummen for 2016 er lavare enn i 2015.

Kort om året 2016

Arbeidet med kommunereforma har – som tidlegare skrive i årsmeldinga – sett sitt preg også på 2016, sjølv om vårt reformprosjekt vart parkert før sommarferien. Saman med kommunereforma har regjeringa arbeidd med m.a. nytt inntektssystem for kommunane, regionreforma og nærpoltireforma, som alle har ‘laga arbeid’ for kommunane i forma av uttalar og fråsegner.

Av eige plan- og utgreiingsarbeid må takast med oppstarta av arbeidet med kommuneplanen med utfordringsdokument og kommunal planstrategi. Nytt økonomireglement er vedteke.

To samarbeidsavtalar med Eid kommune vart inngått i 2016: Felles landsbrukskontor frå 1. august med Gloppe som vertskommune og felles skatteoppkrevjar med Eid som vertskommune frå 1. januar 2017.

Arbeidsuhellet som førte Gloppe kommune inn i ROBEK på ettersommaren har i praksis ikkje hatt andre effektar enn redusert sjølvkjensle for rådmannen. Rett nok gjorde vår ROBEK-status at Fylkesmannen måtte godkjenne kommunestyret sitt vedtak om 2017-budsjettet. Dette vart gjort i mars 2017, og Gloppe vart meld ut av ROBEK same dag. Medieinteressa var noko mindre enn då vi vart melde inn...

Økonomiske utfordringar

Arbeidet med budsjett og økonomiplanen for 2017-2020 viste at kommuneøkonomien er stram, og regjeringa har ikkje varsla om at dette vil snu seg dei nærmaste åra. Nytt inntektssystem vart innført frå 1. januar 2017, med to hovudendringar: Nye utgiftskriterie er lagde inn og eit nytt strukturkriterie er innført for å straffe kommunar med kort reiseavstand som vel å halde fram som eigen kommune. Gloppe tapte overføringer på begge desse endringane. Nytt avstandskriterie har med kommunereforma å gjere, medan nye utgiftskriterie er den 10-

årlege gjennomgangen av desse kriteria. Dette har ikkje noko med kommunereforma å gjøre.

Sjølv med eit ‘tilbakeslag’ på overføringerne frå staten, kom vi i mål med årsbudsjettet for 2017 og økonomiplan fram til 2020 utan den store dramatikken. F.o.m. 2017 blir økonomiplanen lagt fram til sommarferien og ikkje lenger saman med årsbudsjettet som det har vore gjort i mange år no.

Den politiske behandlinga av årsbudsjettet og økonomiplanen viser at det er brei oppslutning om det aller meste av det kommunen driv på med og dei nye tiltaka vil skal gå i gang med.

Det går framover...

Vi greidde å løyse ei av to ‘gjengangarsaker’ nesten på kvart formannskapsmøt i 2016: Elvaneset vart kjøpt tilbake frå Dvergsdal & Sunde Bygg AS etter mykje fram og tilbake, men som skal gjerast med tidlegare Sandane Hotell vart ikkje avklara.

Mykje arbeid og pengar har vore lagt ned også i 2016 for å få betre drift på kommunen sine IT-løysingar. Dette gjeld både tiltak i regi av Nordfjordsamarbeidet og lokalt i Gloppe. Sjølv om alt framleis ikkje er perfekt, har drifta har IT-drifta blitt mykje betre.

Saman med lokale utbyggjarar har kommunen i 2016 skaffa fibertilbod Kandalen.

Interkommunalt samarbeid

2016 var første (av to) år Gloppe har leiarvervet i Nordfjordrådet. Med dette følgjer også leiarskapen i rådmannsgruppa og i nettverket for kommunalsjefane (sektorleiarane) i helse og omsorg. Berre Nordfjordrådet har saksbehandlar- og sekretærhjelp.

Nordfjordsamarbeidet kom etter rådmannen sitt syn godt i gang ved vår overtaking av leiarskapen i Nordfjordrådet, men har i løpet av året og dei første månadene av 2017 blitt meir uoversiktleg og usikkert på grunn arbeidet med kommunereforma.

Investeringar i 2016

Den store investeringa som er gjennomført i 2016 på formannskapet sitt ansvarsområde gjeld den nye organisering av Gloppe Energi AS. Bokføringa av denne har rådmannen orientert om i eiga sak til formannskapet og kommunestyret i april 2017.

Kostnadene med opprydding etter brannen på heradshuset er ikkje investering, og er dessutan dekka av forsikringa i 2016.

Vi budsette med 1 mill. til nytt post/sak/arkivsystem i 2016, og har her berre brukt om lag 360.000,- Årsaka til ‘innsparinga’ er utsetting av prosjektet på grunn av brannen i heradshuset.

Vel 1,7 mill. er brukt på prosjektet standardisering av PC-ar og skrivarar. Vi har no langt på veg

oppgradert alle einingar med nytt utstyr. På IT-sida er det også utgiftsført vel 1 mill. som er Gloppe sin del av investeringane i Nordfjordnett (Nordfjord-kommunane sitt driftssenter i Måløy). Kostnadene her er hovudsakleg back-up utstyr. Dette utstyret er lokalisert på Eid.

4 millionar er ført som utlån til Gloppe kyrkjelege fellesråd for bygging av nye kontorplassar til dei kyrkjeleg tilsette i tilknyting til Sandane kyrkje.

Investeringane knytt til næring og samferdsle er omtala under kapitlet om samfunnsutvikling.

Oppvekstutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

OPPVEKST	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap
	2016	2016	i %	2015
Førskule	39 152 988	37 177 944	105	35 198 974
Grunnskule	68 712 108	69 217 852	99	65 982 822
Styrka tilbod til førskulebarn	6 480 067	4 941 831	131	4 376 323
Vaksenopplæring	1 540 105	2 776 293	55	2 428 612
Skulefritidstilbod	959 026	1 503 260	64	1 230 977
Førskulelokale og skyss	22 219	-	-	3 065 660
Skulelokale	3 167 696	3 171 000	100	-
Skuleskyss	2 747 035	2 700 000	102	2 814 203
Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste	3 724 839	3 946 619	94	3 179 153
Barneverntenesta	2 099 948	2 449 120	86	1 609 875
Barneverntiltak i familien	1 033 061	648 625	159	1 503 879
Barneverntiltak utanfor familien	3 852 687	2 741 707	141	3 696 398
Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	-11 198	44 577	-25	-
TOTALT	133 480 581	131 318 828	102	125 086 877

- er lik mindreforbruk.

Den største sprekken i høve budsjettet er på førskuleområdet og då i første rekke auka utgifter til private barnehagar. Årsaka til det ser ut til å vere underbud-sjettering, då dette var slik også i 2015. Her må vi gå nærmere inn i tala for å finne kva som er rett nivå å budsjettere på. Det andre området som har auka mykje er styrka tilbod til førskulebarn. Det er tal vedtak og omfanget av vedtaka som i første rekke har endra seg utover budsjettet.

Spesialpedagogiske tiltak er noko som har auka mykje dei siste åra både i barnehagen og skulen. Vi satsar i stor grad på førebyggande tiltak som vi snart må gå inn i og hente effektane ut av. Budsjettet kan ikkje auke vidare på dette området utan at vi tek ein grundig gjennomgang. Tidleg innsats både i barnehagen og i småskulen skal prege den spesialpedagogiske satsinga i Gloppen. Her er eit område vi må jobbe med framover for å få mest mogeleg igjen for pengane.

Grunnskuleområdet kom ut om lag som budsjettet. Vaksenopplæringa har eit mindreforbruk, noko som skuldast mindre aktivitet på opplæringa for asylmottaket på Skei. Vi gjekk frå avtale om 60 elevar på våren til 25 elevar hausten 2016. Avtalen

med Jølster kommune vart reforhandla hausten 2016.

SFO-ordningane har eit mindreforbruk noko som truleg skuldast feilføringar. På skulelokale er det berre rekningane frå Trivelshagen som vert førde. Skuleskyssen har eit lite overforbruk fordi billett-kostnadene vart auka meir enn vi hadde teke høgde for. Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste har eit mindreforbruk, utan spesielle årsaker til det.

Sjølve drifta av barnevernenesta går med eit mindreforbruk. Det skuldast i hovudsak mindre bemanning på hausten. Barnevernenesta leverer gode resultat, men har eit meirforbruk når det gjeld barnevernstiltak både i og utanfor familien. Dette skuldast at tenesta er hendingsstyrt og såleis vanskeleg å budsjettere. Tenesta har ei lovfesta handlingsplikt som nokre år kan gje store meir-utgifter.

Samla sett har sektoren eit meirforbruk på over 2,6 millionar. Dette skuldast i hovudsak høgare utgifter til kjøp av barnehageplassar, veksten i styrka tiltak for barnehageborn og at barnevernstenesta i løpet av året har vore nøydde til å i verkssetje relativt dyre tiltak.

Kort om året 2016

- Team for Tidleg Innsats i PPT for arbeid med tidleg innsats i barnehagane som permanent ordning
- Oppstart 'Den gode barnehage- og skuleeigar programmet'
- Betre tverrfagleg innsats (BTI) starta opp hausten 2016 med priosjektleiar Henny Klakegg Børset i 50 % stilling + plan for samordning av tenester til ressurskrevande brukarar
- Mentorordning for nyutdanna i barnehage er sett i verk og fungerer
- Resultatleiring i barnehagane. Første haust på eigne bein og fokuset var 'Gode relasjonar mellom barn i uteleiken'
- Barnehagane i Gloppen laga planen 'For vennskap-mot mobbing'
- Breim barnehage var første barnehage i Nordfjord som vart sertifisert som Trafikksikker barnehage
- Vedtak gradvis implementering av to-pedagog ordning i dei kommunale barnehagane
- Gloppen kommune med i 'Jobbloop' - samfunnsansvar saman med SFE/Tine for å få unge inn i arbeidslivet. Breim barnehage ein del av dette hausten 2016
- Fleire assistenter i både Mona og Breim tok fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Gloppen opplæringssenter (GOS) har kontrakt med Jølster kommune i høve grunnskuletilbod til einsleg mindreårige asylsøkjarar ut skuleåret 17/18. Elevtalet varierer sterkt, og det gjer det vanskeleg å planlegge bemanning. Samla har elevtalet på GOS vore på over 100 elevar
- GOS har hatt 3 kveldskurs i 2016, eitt i spansk og to i norsk for arbeidsinnvandrarar.



Breim barnehage blir sertifisert som trafikksikker barnehage 27. april 2016. Frå venstre: Audun Heggestad i Trygg Trafikk Sogn og Fjordane, Hege Lothe (varaordførar) og Anette Støyva. Foto: Breim barnehage.

Investeringar i 2016

IKT-investeringane har halde fram, og dei fleste skulane har no fått fleire digitale tavler. Dette er verktøy vi gjerne skulle rulla ut i full skala, men budsjettet dette året gav ikkje rom for det. Det er framleis stort behov for investeringar på IKT-området i sektoren.

Rehabilitering og nybygg ved Gloppe ungdomsskule vart i praksis fullført i 2016 og det meste vart teke i bruk til skulestart. Kunst og handverksavdelinga vart teke i bruk litt seinare på hausten. Utbetring av arbeidsplassane for lærarar ved Nordstranda skule var klare til skulestart i august.



Gloppe ungdomsskule 'by night'. Foto: Ragnhild Bruvoll.


Statistikk og tendensar

I KOSTRA, GSI (GrunnSkolens Informasjonssystem) og Skoleporten ligg det mykje statistikk for sektoren tilgjengeleg for den som vil lese det. Vi presenterer her kort nokre tendensar henta derfrå og frå eigne data:

- Det har vore noko ledig kapasitet i barnehagane rundt Gloppefjorden, men frå suppleringsopptaket 2016 er det fullt i alle barnehagane. 94,1 % av borna i Gloppe har barnehageplass
- Snittet i Gloppe ligg under snittet i fylket og landet på nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning (5. årssteget). På 8. årssteget ligg vi også under snittet for fylket og landet på alle tre områda. På 8. trinn er det ei positiv auke siste år
- Gjennomstrøyming (fullført innan 5 år) i vidaregåande opplæring for 2010 kullet var 84,5 %, fylket 77 % og landet 73 %. Sluttarar i yrkesfagleg utdanningsprogram var for same kullet 12,5 % mot 24,8 % i Nordfjord, 22,8 i Sogn og Fjordane
- Avgongselevane i Gloppe hadde gjennomsnittleg 41,5 (41,0 i 2015) grunnskulepoeng, fylket 41,5 og nasjonalt 41,2
- Det er ein tydeleg tendens mot meir styrka tiltak i barnehagane og meir spesialundervisning i skulen
- PPT opplever stor vekst i tilmeldingar
- Helsestasjonen har styrkt arbeidet ut mot skulane, mykje arbeid med innvandrarar og godt besøk på helsestasjon for ungdom.

Spesielle hendingar på personalområdet i 2016


- Sonja Jordanger Loen vart tilsett som rektor på Gloppen opplæringssenter frå 1. januar
- Sverre Folkestad gjekk av med pensjon som rektor etter 39 år ved Sandane skule
- Linn Kristin Øren vart tilsett som rektor på Sandane skule frå 1. september
- Gerd Ynnesdal vart konstituert som barnevernsleiar frå 1. september
- Olav Fure slutta som oppvekstsjef og Per Arne Strand var på plass som ny oppvekstsjef frå 1. august.



Sonja Jordanger Loen tok til som rektor ved Gloppen opplærings-senter 1. januar 2016. Foto: Privat.



Gerd Ynnedal vart konstituert som barnevernsleiar 1. september 2016. Foto: Privat.



Linn Kristin Øren vart 1. september 2016 tilsett som rektor ved Sandane skule. Foto: Privat.

Utvikling over tid

GJENNOMSNITTLEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

Indikator og nøkkeltall	2015	2014	2013	2012	2011
Driftsutgifter per elev	113 331	110 403	103 058	97 879	90 885
Lønnsutgifter per elev	83 483	79 347	74 872	70 418	66 263
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	76,1	73,3	73,1	72,7	74,0
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	329	404	428	420	658
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 703	1 638	1 685	1 440	1 494

Gloppen kommune, grunnskule, økonomi, alle eigarformer, alle trinn, begge kjønn. Kjelde: Skoleporten.

KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

	2016	2015	2014	2013	2012
Netto driftsutgift ¹	157 363	141 178	140 380	113 940	105 369
Talet på barn i kommunale barnehagar	158	158	176	169	170
Talet på barn i alle barnehagar	289	282	286	295	293
Prosentdel born i kommunal barneh.	54,6	56,0	61,5	57,3	58,0
Kostnad per barn ²	187 884	201 262	178 774	156 023	158 982
Styrka tilbod til førskuleborn	*	120 396	87 104	*	*

* Ikke rapportert

¹ Tal frå KOSTRA (Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år)

² Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage).

Kommunen har no tre kommunale og fem private barnehagar.

PPT

PPT er samlokalisert med barnevern og helsestasjon. Tilhøva ligg såleis godt til rette for eit tett samarbeid på ulike område.

Team for tidleg innsats (TTI) vart i 2016 eit permanent tiltak, lagt til PPT. I teamet er det to tilsette. Tilbakemeldingane frå barnehagane og foreldra er at dette er eit lågterskelttilbod som fungerer godt. PPT har tre fagstillingar knytt til kontoret ut ifrå sam-arbeidsavtalen med fylkeskommunen som varer til 1. januar 2018. I tillegg har kontoret ein kontorfunksjon og logoped i 20 % stilling.

Tal saker har vore aukande med totalt 210 saker skuleåret 15/16. Fordelt er det 42 saker knytt til TTI

og barnehage, 122 saker i grunnskulen og 30 saker knytt til vidaregående skule. Ventetida er om lag tre månader for saker der det er bedt om utgreining og saker om sakkunnig vurdering er ventetida om lag ein månad. Dei tilsette har delteke på ulike kurs og vidareutdanninger siste året. Mykje av dette er sertifiseringskurs i verktøy og program som PPT nyttar.

Det har vore jobba med ein plan for tilrettelagt norskopplæring for minoritetsspråklege elevar som PPT har vore engasjert i. Dei minoritetsspråklege elevane er ei gruppe med auka tal saker. PPT er ikke som koordinator for to elevar.

Helsestasjonen

Tal stillingar vart auka opp 60 % på helsestasjonen i 2016. Det har i tillegg vore fleire prosjekt som har

vore knytt til helsestasjonen både opp mot vidaregående skule og betre tverrfagleg innsats.

Fødselstala dei siste 10 åra henta frå helsestasjonen sine fødselsmeldingar og flyttemeldingar:

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Fødde i kommunen	59	60	67	48	70	57	67	63	72	58	61

Barnevernet

Per Ståle Husevåg slutta som barnevernsleiar i september 2016. Nestleiar ved kontoret, Gerd Ynnesdal, vart konstituert som barne-vernsleiar. På kort varsel fekk vi ordna vikar i 50 %. Grunna drøftingar knytt til eit utvida samarbeid på barnevernsområdet valde vi å ikkje utlyse stilling før dette var avklart.

Dette betyr at vi har hatt ein reduksjon i sakshandsamingskapasitet siste del av året. Ein konsekvens av dette har vore at vi har måtte kjøpe inn private tiltak for å kunne yte lovpålagede tenester etter barnevernslova.

Tenesta har jobba med kompetanseheving for å møte auka krav og stå betre rusta til å gjere rette vurderingar i møte med barn og familiar. To tilsette har delteke på vidareutdanning i familieterapi og psykisk helse, spe og små 0-3. Utdanningane har vore deltid over to år og vil vere ferdig våren 2017. Dette har og bidratt til eit auka arbeidspress.

Auka krav til beredskap utanfor arbeidstid har ført til at vi i samarbeid med Eid og Stryn har jobba for å få til ein akuttberedskap. Akuttberedskapen vil truleg vere i drift frå april 2017. To tilsette ved barnevernenesta i Gloppen vil delta i denne beredskapen.

Administrasjonen av interkommunalt heimebasert tiltak er lagt til Gloppen. Teamet har to tilsette som jobbar i Stryn, Eid og Gloppen.

Annekset – butiltak for einslege mindreårige – har i 2016 hatt seks ungdommar buande. Den forventa auken i behovet for tal plasser for denne gruppa har ikkje slått til. Vi ser i staden at det er eit redusert behov for busettinga av einslege mindreårige på landsbasis.

Barnevernenesta er hendigsstyrt og såleis vanskeleg å budsjetttere. Fleire barn og familiar som treng omfattande tiltak har ført til eit meirforbruk i høve budsjett.

Statistikk frå barnevernenesta	2016	2015	2014
Mottekne meldingar	32	34	41
Henlagde meldingar	5	9	2
Undersøkingar	30	25	37
Henlagt etter undersøking	13	7	20
Plasseringar (etter barnevenslova)	9	12	9
Omsorgstiltak einsleg mindreårige	6	8	5

Helse- og omsorgsutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

HELSE- OG OMSORG	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap
	2016	2016	i %	2015
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	175 182	176 619	99	172 076
Anna førebyggande helsearbeid	3 000	15 000	20	3 000
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	6 617 607	7 381 900	90	6 625 531
Diagnose, behandling og re/habilitering	14 848 208	15 553 676	95	14 942 882
Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid	4 526 736	4 510 662	100	4 360 553
Tilbod til personar med rusproblem	118 942	23 000	517	30 635
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	21 354 052	21 276 969	100	20 527 414
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	101 860 963	100 838 201	101	95 307 374
Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester	1 369 262	1 498 114	91	229 469
Kommunalt disponerte bustader	677 737	290 000	234	431 736
Kommunale sysselsetjingstiltak	1 274 867	1 323 000	96	1 233 342
Introduksjonsordninga	5 953 333	5 030 417	118	4 162 164
Kvalifiseringsprogrammet	397 068	648 483	61	273 110
Økonomisk sosialhjelp	3 204 475	3 300 000	97	3 452 428
T O T A L T	162 381 432	161 866 041	100	151 751 716

- er lik mindreforbruk.

Anna førebyggande helsearbeid

Liten post på kr 15.000,- til å støtte ulike førebyggjande tiltak som t.d rusfri 16. mai natt. Forbruket vil variere avhengig av aktivitetar som vert sette i gong i løpet av året.

Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Årsaka til underforbruket er at utgifter og inntekter på det kommunale kjøkkenet er budsjettert på 23400 (aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma), men ca 25% av utgiftene skal utgiftsførast på 25300 (institusjonstenester). Når dette er korrigert ved årsavslutninga, viser det eit underforbruk på denne tenesta.

Diagnose, behandling og re/habilitering

Underforbruket skuldast høgre inntekter enn budsjettet grunna ulike refusjonar, inntekter frå turnuslegar, leigeinntekter og vikarutgifter som er lågare enn dei ordinære lønnsutgiftene.

Tilbod til personar med rusproblem

Overforbruket skuldast kjøp av omsorgsplass i annan kommune for rusmiddelmisbrukarar. Grunnen var at Gloppen kommune ikkje hadde tilpassa heildøgns omsorgstilbod.

Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Overforbruket har fleire forklaringar. Nye behov hjå brukarar som har rett til tenester frå kommunen og som vi ikkje kjende til ved budsjettering. Det har i lengre periodar vore krevjande situasjonar der det har vore nødvendig å setje inn ekstra bemanning for å sikre fagleg forsvarlegheit, hindre overbelastning for personalet og forebygge sjukmeldingar.

Mangelen på heildøgnsbemanna bustader har i periodar medført behov for ekstra bemanning i heimane og i bukollektiv for å sikre fagleg forsvarlege tenester til brukarane. Litt høgt sjukefråvær i nokre einingar har også medført ekstra utgifter og gjeve eit overforbruk.

Vi har mange lærlingar i sektoren, og det har vore mykje utgifter knytt til desse i 2016. Verdiskapingsperioden til lærlingane kjem i siste del av læreperioden, og det er difor forventa at dette vert annleis i 2017. Vi manglar også refusjon av tilskot knytt til prosjekt. Dette vil truleg verte utbetalt i 2017.

Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Underforbruket skuldast framleis vanskar med å budsjetttere rett på denne tenesta. Behovet er vanskeleg å beregne og dermed også utgiftene.

Kommunalt disponerte bustader

Overforbruk grunna stort mottak av flyktningar i 2016. For lågt budsjett i forhold til behovet for

innkjøp av møbler og innbuartiklar til så mange nye flyktningar.

Introduksjonsordninga

Årsaka til overskridinga er at busetting av fleire flyktningar med rett til introduksjonsprogramm enn forventa/budsjettet. Inntektene knytt til busetting av flyktningar ligg på finansieringsansvaret (ansvar 9000), som er vesentleg høgare enn budsjettet.

Investeringar m.m. i 2016

Solskjerming på Gotatoppen

Alle pasientromma på solsida på Gotatoppen har fått solskjerming.



Fornøgd einingsleiar på Gotatoppen, Marit Horntvedt. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Fokus på ein meiningsfull kvardag

I sektoren er det fokus på ulike trivselstiltak. Fleire eininger har søkt om midlar gjennom Mohrs legat og fått dekka utgifter til ulike sosiale opplevingar. Turar til muséet med innleid musikar, nysteikte sveler og is i sola, Putti Pluttipott og konsert med *Tre kvinner og ein mann* er nokre av aktivitetane.

Frå Gotatoppen og Oreteigen har fleire pasientar vore på dagsutflukt til NAVE hjortefarm. Turane vart dekka av demensforreininga og var til stor glede.

Motiview



Einingsleiar Cecilie Helgheim på Oreteigen. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Kvalifiseringsprogrammet

Mindreforbruk grunna få søkerar med rett til dette tiltaket.

Økonomisk sosialhjelp

Mindreforbruk på 3 %. Budsjetteringa vert gjort med bakunn i erfaringstal og kjente faktorar som vi veit kan påverke denne utgelta.

Motiview-sykkel er kjøpt inn og er flittig i bruk av pasientane på Oreteigen og av andre. Trivsel for både tilsette og pasientar!

Innkjøp av elsyklar

På Gloppen omsorgssenter/Oreteigen har vi kjøpt inn elsyklar med sete framme. Dei tilsette kan ta med pasientane ut på sykkeltur!



På tur 'Eide rundt'. Foto: Cecilie Helgheim.

Spesielle hendingar i 2016

Verdsdagen for psykisk helse



Gro Vereide og Tone Ommedal er to av fleire tilsette som har vore med å arrangert verdsdagen for psykisk helse. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Verdsdagen for psykisk helse vart markert med ein aktivitetsdag søndag 2. oktober i Jølet på Nordfjord folkemuseum. Arrangementet var eit samarbeid

mellan psykisk helse, Gloppen Frivilligsentral, Firda vidaregåande skule, folkehelsekoordinator og Nordfjord folkemuseum.

Temaet for aktivitetsdagen var 'La oss gå inn i mørketida saman', og fellesskap var i fokus. Appellen var ved Per Ståle Husevåg og Håvard Husevåg hadde musikkinnslag. Det var lagt opp til ulike aktivitetar for både store og små. Det vart servert betasuppe og laga popcorn på bålpanner.

Inne i Triveselshallen var det ballspel og Gloppen klatrekklubb stod for aktivitet i klatreveggen. Flyktningane i kommunen var spesielt inviterte. Vel 100 personar tok turen til Jølet denne fine haustdagen.

Demensvenleg samfunn

Gloppen kommune inngjekk i 2016 samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen om å gjøre Gloppen til eit meir demensvenleg samfunn. Det handlar om å tilrettelegge lokalsamfunnet slik at det blir lettare for personar med demens å delta. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå servicenæringa, kommunen og pårørande som skulle arrangere kurs for tilsette i service næringane i kommunen.

Kurset gav ei kort innføring i demens og korleis yte god service til personar med demens. I første runde var det drosjenæringa og 10 butikkar som mottok undervising med i alt 49 personar. Kurset var på éin time og vart sett opp tre kveldar på rad i november i kantina på Grandane. Der mange nok frå éin og same arbeidsplass deltok, vart han godt kjend som demensvenleg og fekk tildelt klistermerke med kampanjelogo som teikn på at bedriften med å bidra til eit meir demensvenleg samfunn. Arbeidsgruppa opplevde gode tilbakemeldingar frå

deltakarane i etterkant. Det er planlagt fleire kurs i 2017.

Multidose

På Oreteigen og i Sandane, Breim og Hyen heimetenester har vi starta med multidose. Vi ser allereie at vi har frigjort tid til andre oppgåver. Eit godt redskap i arbeidet med å kvalitetsikre legemiddelhandteringa til brukarane. Godt samarbeid med apotek og legesenteret.



Astrid Ballo Sætre og Marit Våtevik i Breim heimeteneste. Foto: Siv Kvalsvis Haugen.

Velferdsteknologi

Også i 2016 har vi i tenestene hatt stort fokus på velferdsteknologi. 17 tilsette har gjennomført opplæringsprogrammet velferdsteknologiens ABC. Vi er med i fylkesprosjektet i Sogn og Fjordane der Gloppen har vore pilot på utprøving av elektroniske medisineringsdosettar. Vi har fått innføring i gevinsrealisering knytt til velferdsteknologi som er eit nasjonalt satsingsområde. Vi har også vore med i delprosjektet brukarmobilisering. I Gloppen

har vi etablert ei tverrfagleg gruppe av ressurspersonar på tvers av sektorane som skal arbeide vidare med satsinga på velferdsteknologi. Vi har tatt i bruk ulike sensorar med varsling og gjer oss viktig erfaring med dette.



Foto: Anita Lothe.

Frisklivssentralen

Vi har fortsatt auke i tilvising og deltaking i fleire av tilboda i Frisklivssentralen og har utvikla nokre av tilboda til lærings- og meistringstilbod i tråd med nasjonale føringer. Vi er også i gang med eit prosjekt som heiter 'Friskliv for flyktningar', det vert vidareført til 2017.

Nytt omsorgsbygg

Vi har starta opp arbeidet med å planlegge nytt omsorgsbygg knytt til dagens omsorgssenter.



Anita Lothe: Endeleg i gang med nytt omsorgsbygg!
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Seniortreff

Kommunen arbeider i lag med Frivilligsentralen, pensjonistlaget, eldrerådet og frivillige om å etablere møteplassar for seniorar og eldre, samt utvikle allereie eksisterande møteplassar. Vi har fått til eit særskilt godt samarbeid! Det er imponerande å høre om all frivillig aktivitet som er i kommunen.

Det er etablert trimgruppe i lokale bygdesamfunn, seniornett i Breim og Hyen er under planlegging og andre møteplassar er også under planlegging.

Det har vore arbeidt for å legge til rette med teleslyng i aktuelle bygg for møteplassar, då det er ein viktig føresetnad for å kunne delta. Vi har tru på at aktive og deltakande eldre gjev god helse!

Frivillig arbeid i seg sjølv gjev engasjement og aktivitet og har stor verdi for dei som gjer frivillig arbeid!

Forebyggande heimebesøk

Vi har i 2016 hatt eit prosjekt for å kome i gang med forebyggande heimebesøk. Vi har invitert innbyggjarane i aldersgruppa 73-75 år til gruppessamling, der tema har vore korleis førebu seg til ein god alderdom, med tilrådingar, råd, tips og kommunen si rolle. Møta har vore haldne i Hyen, på Breim og Sandane.

I tillegg har vi tilbydd individuelt heimebesøk til dei som har ynskt det og spesielt til ei aldersgruppe i Breim.

Konklusjonen etter prosjektet er at vi skal halde fram med gruppessamlinger til innbyggjarane i alderen 72-73 år anna kvart år i Hyen, Breim og Sandane. Prosjektleiar har vore Jannike Felde.

'Gylde måltidsøyeblik'

Gloppen kommunale kjøkken og Gloppen omsorgssenter fekk besøk av både ordførar, Landbruks- og matdepartementet og Forbrukerrådet i 2016.

Bakgrunnen var deltaking og ein fin 2. plass i 'Gylne Måltidsøyeblikk' på landsplan.

Dei tilsette har heile tida fokus på god matomsorg gjennom å lage fersk, sunn og ernæringsrik mat og fokus på å gjere måltida innbydande, gode og trivelege for pasientane.



Foto: Laila Kandal.

Helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege

Gloppen kommune, NAV og fylkeskommunen har samarbeidd om å utdanne framandspråklege helsefagarbeidarar etter ein eigen modell som til no har vore vellukka. 'Gloppen modellen' får nasjonal merksemd.

I helse- og omsorgssektoren har ni av desse fått lærling kontrakt og ein av lærlingane har også teke og bestått fagprøva. Han er no tilsett i 100 % fast stilling i kommunen!

Utover dette er helse- og omsorgssektoren ein god praksisplass for elevar og studentar. I tillegg har vi mange personar på arbeidsutprøving og språkpraksis.

Fokus på heiltid, årsturnus og auka grunnbemanning.

Vi har fortsett arbeidet og halde fokus på større grad av heiltid i sektoren. Målet er større stillinger og betre kontinuitet i arbeidet. Vi har starta med årsplan i fleire einingar og ser at dette er eit godt verktøy for å løyse nokre av utfordringane med vikarar og deltidsstillingar i sektoren.

I tillegg har vi auka grunnbemanninga i nokre einingar etter politisk vedtak om å prøve dette ut. Erfaringa med dette er positiv.



Karin Selsvik, Biniam Kidane og Bente Sundal i Sandane heimeteneste. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Utvikling over tid

Teneste	2016	2015	2014	2013	2012
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	398	380	359	359	354
Mottakarar av støttekontakt	58	66	60	63	73
Mottakarar av omsorgslønn	13	12	13	11	11
Bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	150	150	150	152	152
Bustader med bemanning heile døgnet	67	67	67	67	65

Tal tenestemottakarar i heimetenestene har auka noko. Vi får i tillegg stadig meir komplekse, omfattande og fagleg utfordrande oppgåver i kommunen. Dette er i tråd med forventingar som følgjer av reformer og endringar i forventningane til kva oppgåver kommunane skal løyse. Det utfordrar tenestene og er ressurskrevjande.

Utvikling i liggedøgn

	2016	2015	2014	2013	2012
Korttid/rehab.	3.390 (77,17%)	3.977 (90,8 %)	3.889 (88,8 %)	3.754 (85,7 %)	4.726 (76,0 %)
Langtidsplassar	2.521 (86,10%)	2.753 (94,3 %)	2.920 (93,1 %)	2.853 (85,2 %)	2.769 (94,6 %)

I 2013 vart tal plassar redusert med 5. Då stig beleggsprosenten, men liggedøgna vert færre. I 2016 har vi hatt høg beleggsprosent og periodevis opplevd stort press på korttidsplassane fram til og med september. Frå oktober til desember har 'det løyst seg' og vi hatt ledige korttidsplassar. Dette er ei av årsakene til at beleggsprosenten er lågare enn i 2015. I tillegg er det tilfeldig om det er mange pasientar som vert utskrivingsklare og har behov for korttidsplassar på same tid gjennom året. Behovet for korttidsplassar og avlastning vil variere og fordeler seg ikkje jamt utover året.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Frå 24. juni 2013 vart talet på plassar i 1. etg. på Glop-pen omsorgssenter redusert til 20. Tal plassar vart redusert med 5 fordi liggedøgns-statistikken sidan 2010 viste at vi hadde ein overkapasitet på korttids-plassar. I desember 2014 starta vi opp to KAD-plassar (Kommunal akutt døgneining) som kjem i tillegg til dei 20 institusjonsplassane. Situasjonen for 2016 har vore mykje lik som i 2015. Presset på korttidsplassane i 2016 har vore stort, spesielt fram til og med september. Glop-pen kommune har også i 2016 mange liggedøgn som

kommunen har betalt for til spesialisthelsetenesta (108 i 2016). Forklaringa på dette er at det i periodar har vore meldt mange pasientar på kort tid med behov for institusjonsplass, og at det gjennom året fram til og med september også var lite sirkulasjon på korttidsplassane, grunna pasientar som låg i avdelinga og venta på bustad med eit høgre omsorgsnivå enn det vi kan gje dei i heimen. Dette har ført til at vi ikkje har klart å ta imot utskrivingsklare pasientar.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet
67 bustader på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet
50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Avlasting for barn og unge

Gloppen kommune har 4 avlastningsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barne-avlasting. Plassane er jamleg i bruk, nesten kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.



NAV Gloppen, med NAV-leiar Øyvind Hervik t.v. Vidare ser vi Marianne Sårheim, Marit Skinlo, Anders Engeland, Randi Brynestad Skaaden, Ragnhild Sollid, Lars Berntzen, Kari Arnestad og Atle-Jan Føleide. Ikkje til stades: Ann Iren Festervoll og Synnøve Hestenes. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

MULTEK-utvalet – teknisk sektor

Ressursinnsats teknisk sektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

TEKNISK SEKTOR	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Forbruk i %	Rekneskap
				2015
Administrativ leiing	329 509	391 372	84	618 771
Egedomsforvaltning	1 763 049	2 428 936	73	2 869 398
Gloppen heradshus	802 903	990 940	81	850 818
Interne serviceeininger	-	-592 598	-	-
Vaksenopplæring	91 000	86 000	106	78 000
Førskulelokale og skyss	2 219 799	2 116 570	105	1 915 947
Skulelokale	10 615 695	9 814 265	108	9 421 512
Førebygging - helsetasjons- og skulehelseteneste	147 145	174 075	85	134 836
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	56 817	54 840	104	40 723
Diagnose, behandling og re/habilitering	343 873	416 700	83	317 864
Barnevernenesta	58 566	68 630	85	53 872
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	-15 000	-15 000	100	-15 000
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	-61 968	-25 055	247	-53 346
Gloppen sjukeheim	2 940 070	2 881 325	102	2 378 029
Kommunalt disponerte boligar	-6 703 517	-5 884 850	114	-6 860 260
Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	11 198	73 000	15	-8 154
Behandling av plansaker	642 323	428 102	150	221 732
Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	773 839	690 469	112	-413 015
Kart og oppmåling	301 379	307 141	98	294 078
Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	-33 700	-	-	-33 700
Kommunal næringsverksemد	-231 405	-217 845	106	-187 760
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	232 347	-	-	343 869
Landbrukskontoret og landbruksnæringer	2 721 138	3 301 784	82	3 322 851
Samferdslebedrifter/transporttiltak	-16 284	67 000	-24	-114 286
Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og parkering	7 143 892	5 212 575	137	7 869 449
Parkar, torg og idrettsanlegg	946 027	673 404	140	860 962
Førebygging av brann og andre ulukker	786 166	838 554	94	490 237
Beredskap mot brann og andre ulukker	3 777 953	4 206 014	90	3 705 029
Produksjon av vatn	1 821 586	1 303 811	140	1 161 754
Distribusjon av vatn	-1 821 586	-1 303 811	140	-1 161 754
Avløpsrensing	5 600 665	5 737 854	98	5 240 401
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-5 600 665	-5 737 854	98	-5 240 401
Naturforvaltning og friluftsliv	-106 271	131 959	-81	3 549
Museum	-	48 000	-	-
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	414 484	31 815	1 303	374 514
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	4 686	483 815	1	3 564
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg	23 346	41 605	56	22 463
T O T A L T	29 979 060	29 223 542	103	28 506 547

- er lik mindreforbruk.

Totalt sett for teknisk sektor var det for 2016 eit meirforbruk på kr 754.198. Kommunale vegar går igjen som ein gammal kjenning, og her ser vi at drift og vedlikehald av gatelys aukar år for år. Vidare ser vi også at det kostar å halde alle våre idretts- og parkanlegg i god stand. Utover dette er det små naturlege variasjonar på mange postar.

Teknisk sektor og landbruk hadde i 2016 totalt 46 årsverk, fordelt på fire ulike eininger. Gloppen kommune har om lag 45.000 m² bygningsmasse fordelt på vel 70 bygg. Ein stor del av kommunen sine investeringsprosjekt blir køyrt gjennom einingane for kommunalteknikk eller eigedom.

Landbruksavdelinga

Frå august 2016 tok Gloppen kommune over drifta av landbrukskontoret på Eid i eit felles landbrukskontor. Med ein til to faste kontordagar på Eid og stor fleksibilitet blant våre medarbeidarar, har dette gått relativt greitt.



Bli kjent i Eid. Frå venstre Peter Andresen, Åse Ravnestad og Bernt Reed. Foto: Trine Alme.

Hogst: Innmålt kvantum 13.771 m³. Plantetal: 34.232 plantar fordelt på 8 skogeigarar.

Skogbruksåret 2016 i Gloppen kommune blei igjen eit år med relativ stor aktivitet. Samanlikna med tidlegare år er det ein liten nedgang i både planting og avverking. Det har vore mindre aktivitet kring skogsvegbygging. 525 m vart ferdigstilt og godkjent (1 veganlegg), 6 mindre veganlegg fekk løyve til bygging av 1.820 m veg i klassene 4-8.

Det har ikkje vore store endringar i saksmengde landbrukskontoret i året som har gått. Vi har likevel hatt rikeleg å gjere etter at vi fekk fleire og fleire arbeidsoppgåver frå Eid sidan vi frå 1. august har hatt felles landbrukskontor i Eid og Gloppen. Vi er vertskommune. Det har til tider vore hektisk, men spennande og utfordrande å få ansvaret for tenesteyting i nabokommunen og deira innbyggjarar. Landbruksjefen har hatt fast kontordag på Eid, andre ved behov.

Tilskot

Fordelinga av tilskot er nokså likt dei siste åra. Nedanfor har vi nokre av hovudtala på landbruks-sida:

Produksjonstilskot (p-tilskot)

To søknadsomganger – januar 217 søkerar og 261 søkerar i august - totalt tilskot på kr 55.319.511,-

Av dette er kr 8.504.637,- avløysartilskot for ferie og fritid (januarsøknad utbetalt i mai 2016 og augustsøknad utbetalt i februar 2017).

Digitalt levert p-tilskot i 2016 - 85,3 % i januar og 87 % i august 2016 - noko fleire søkerar som leverte elektronisk i 2016 enn i 2015.

Regionalt miljøtilskot (RMP)

Kr 2.681.657,- (163 søkerar).

Organisert beitebruk (OBB)

Kr 116.600,- (21 søkerar).

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

fekk tildelt kr 500.000,- medan det er inndreve kr 35.000,-. Forbruk kr 530.780,-. Kr 4.220,- vert trekt inn til fylkesmannen si landbruksavdeling. Dette er andre året vi ikkje har bruk opp midlane!

Refusjon avløysarutgifter ved sjukdom

Kr 673.110,-.

Grøftetilskot

Kr 74.315,- i 2015 og kr 45.620,- forbrukt i 2016 av ei tildeling på kr 160.000,-. Inndregne midlar kr 3.495,-.

1. lineteneste Innovasjon Norge

Ei sak; eitt mjølkebruk (storfe). Fleire prosjekt på gong, men lite midlar tilgjengeleg medførte at mange søknader blei utsette til 2017. Slutt på rentestøttelån, kr 2.000.000,- investeringstilskot.

Plan- og byggesakavdelinga

Planarbeid

Planen for Sandane sentrum ventar framleis på resultatet frå sentrumsutviklingsprosjektet. Flaum-kartlegging av Holvikvelva og områudeplan for Straumsholmen i Hyen vart sluttført. Det er vidare blitt arbeidd med områudeplan for Sentrum – Øyrane. Som ein del av eit mogeleg framtid planarbeid, blir det også lagt ned arbeid i å vurdere nye bustadfelt i kommunen. Innanfor plan- og byggesaksarbeid blir det brukt mykje tid på rettleiing av innbyggjarar i kommunen, og det er nok her det er mest besøk gjennom året.

Byggesaksarbeid

Talet på byggesaker ligg ligge stabilt mellom 200-250 saker per år. Det som har vore utfordrande er å få på plass ei stabil bemanning til denne type arbeid. Vår siste medarbeidar slutta etter 14

månader og det tar noko tid å få medarbeidarane til å kome godt inn eit så omfattande arbeidsfelt.

Oppmåling

Høg aktivitet på tal byggjesøknader medfører også høg aktivitet for dei som jobbar med oppmåling når det gjeld frådeling og seksjoneringssaker. Fokuset med å halde leidningskartet mest mogleg oppdatert er eit kontinuerleg arbeid, og no vert det aller meste av det som vert grave ned i heile kommunen målt inn og festa på kartet.

Eigedomsavdelinga

Reinhaldstenesta

Reinhaldsgruppa i Gloppen kommune består av om lag 16 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinhaldarar i tillegg til ein driftsleiar.

Reinhaldsgruppa har ansvar for reinhaldet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, heradshuset, GOS og på leigearalet på Grandane. Totalt om lag 28.000 m² vaskeareal.

I 2016 har reinhaldsgruppa også hatt ansvar for reinhaldet ved dei to private barnehagane i gamle-skulen på Vereide og for tannlegetenesta på Grandane. Reinhaldsgruppa tilbyr god kvalitet og leverer ei konkurransedyktig reinhaldsteneste.

Vaktmeistertenesta

Vi har i dag sju vaktmeistrar i heile stillingar. Vaktmeistrane har hovudansvar for kvar sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle bygga. Blant desse vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har ansvar for koordinering av drifta ute.

Drift

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenestene som ligg inn under vedlikehald av bygga, utførte vi fleire mindre tiltak i 2016 som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre:

- Totalrenovering av Søråsen 64 og Gotevegen 65
- Hjelpearbeid i samband med byggeprosjektet på Gloppen ungdomsskule og ved flytting av heradshuset til Søreide
- Skifta yttertak i Søråsen 54, 56 og 58
- Oppgradert garderobane ved Breim skule
- Skifta nødlysa på Sandane skule
- Montert lydhimlingar og skifta ut gammal belysning til ny ledarmatur i 2 klasserom på Sandane skule
- Utvendig maling av fleire bygg, blant anna Hyen skule, Hyen barnehage og fem bygg i Søråsen
- Skoging på fleire kommunale eigedomar
- Plenslåing og stell av utvendig grøntareal.

I 2016 tilsette vi to sommarhjelper som utførte vedlikehald av grøntareal og anna førefallande arbeid.

Vaktmeistertenesta har i 2016 også hatt ansvar for vaktmeistertenestene på Sandane sentrumsbygg som gir Gloppen kommune ekstra inntekter.

Investeringar

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølve:

- Energibesparande tiltak - skifta 61 vindauge på Hyen skule og 11 vindauge på Gloppen omsorgssenter
- Furubu – ny ventilasjon + seks nye takoverbygg
- Nordåsen 44 – ny utebod
- Sandane skule – prosjektering av vassbåre varmeanlegg
- Småprosjekt – solavskjerming, uteboder m.m.

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenørar:

- Gloppen ungdomsskule - ferdigstilling ny formingsavdeling og universell utforming
- Nordstranda skule – nye lærararbeidsplassar.

I 2016 overtok eigedomsavdelinga åtte nye bueiningar i Myklebusttunet, eitt nytt bus på Elvaneset, eitt brukta hus på Øyrane og to gamle hus på Søreide. Det eine av dei gamle bygga på Søreide vart seld igjen.

Kommunalteknikk

Medarbeidarar

Vi har fått ein ny medarbeidar på uteseksjonen, Per Jørn Søreide. Elles er det ingen endring i arbeidstokken i kommunalteknisk eining.

Kommunalteknikk

På eininga er det ei 100 % leiarstilling, ei 50 % stilling som avdelingsingeniør, ei 30% stilling som tek seg av leidningskartverk og ei 20 % stilling til arbeid med gebyrgrunnlag for abonnementane. I uteseksjonen er det ei leiarstilling og åtte stillingar som fagarbeidar/driftsoperatør. I 2016 blei det lagt ned eller skifta vatn- og avløpsanlegg på 26 ulike plassar i kommunen.

Vassverk

Kommunen tok i 2015 over Moane, Vereide og Reed Vassverk. Dette er ei god tillitsserklæring frå abonnementane våre at kommunen klarer å drifte vassverka på ein framifrå måte. For Moane sin del vart dei kopla på Sandane vassverk i oktober 2016.

I 2016 vart Hestenes og Eikenes vassverk overteke av kommunen. Utfordringane for dette vassverket er variabel vasskvalitet då inntaket blir tatt frå ei overflatevasskjelde som i periodar fører med seg partiklar og gjer at vatnet får farge.

Kommunen sette i gang grunnundersøkingar for og sjå om det er mogeleg å finne grunnvatn. Det er sett ned grunnvassbrønnar som vi no prøve-pumpar. Dette arbeidet vil fortsette også i 2017 med mål om å få til ei sikker og god vassforsyning.

Avløp

Tilsette på uteseksjonen utfører dagleg drifts- og vedlikehaldsarbeid på avløpsanlegga våre. Noko innleige av elektrikar/rørleggar/maskinentrepreneur skjer, men stort sett utfører vi alt arbeid på avløps-anlegga sjølv.

Vi er no i gang med prosjektering for oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg slik at vi får redusere driftsutfordringane på dette anlegget samt at vi sikrar nok kapasitet til anlegget. Det er planlagt at vi i løpet av 2017 startar opp arbeidet med oppgraderinga og at det i løpet av seinhausten 2018 skal vere ferdig. Tine Meieriet er i gang med omstrukturering av produksjonen sin og det er venta at dei vil vere klar med dette arbeidet i løpet av utgangen 2018. Det er tett dialog med Tine for å sikre at vår prosessoppgradering blir best mogeleg tilpassa avløpet frå Tine.

Leidningsnettet

På leidningsnettet er 1.250 meter med gamle røyr skifta ut. Det er lagt ned 3.000 meter med nye vassrøyr og 3.222 meter nye avløpsleidningar. Det er montert tre nye avløspumpestasjonar. I nokre pumpestasjonar er det skifta pumper og føreteke mindre oppgraderingar. Oppsummert har det vore høg aktivitet på legging av VA-leidningar i år.



Frå bustadfeltet i Hetlebakkane på Reed. Foto Arne Mykland.

Kommunale vegar

Snøbrøyting har vore utlyst for ein ny treårs periode og vinteren 2016/17 er den siste før vi må lyse ut nytt anbod i løpet av 2017. Arbeidet er delt inn i 13 roder. uteseksjonen utfører som før snøbrøyting i Sandane sentrum.

Det kommunale vegnettet er på ca. 123 km, 93 km med fast dekke og 30 km grusveg med ca. 60 bruker.

Vedlikehaldsarbeidet på vegane i 2016 har ikkje bydd på store utfordingar som flaumskade eller ras. Vi har hatt eit større utbetringsarbeid på 'Storesvingen' i Kandal som måtte takast som eit straks-tiltak då det var fare for utglidning av vegen. På vårparten vert feiemaskina køyrt i to skift for å raskt som råd få kosta oppatt sand frå strøингa om vinteren. I løpet av 2016 blei det også gjennomført mykje skogrydding langs dei kommunale vegane.

Heile Stensakervegen var reasfaltert samtidig med strekning på Hjelle og i Sandane sentrum. I tillegg vart det sett opp nytt gatelys på ei strekning mellom Apalset bustadfelt og Folkehøgskulen (trafikktryggingstiltak).

Park og uteområde

Etter at kommunen tilsette eigen garnar, ser vi alt no at kommunen sine sentrumsområde vert betre stelt enn før. No har vi fagkompetanse til stell av busker, tre og blomsterbed. uteseksjonen har også teke over stell av alle idrettsanlegg og fotballbaner rundt om i kommunen. Totalt sett har vi ca 20 mål med plen som skal vedlikehaldast heile sesongen.



Vi ønskjer at folk i kommunen skal rydde opp etter seg og har difor innført ei 'ruskeplukkelov'.

Investeringar

Vassverk

Det vart mellom anna lagt ny vassleidning på 1.100 meter frå Ramirent til Arnestadfeltet. Totalt 4.100 meter med vassleidningar vart lagt i 2016.

Avløp

Nye avløpsleidningar er lagt på dei same strekningane som for nye vassleidningar. Dette er eit prioritert arbeid for å sanere gammalt privat

avløpsanlegg og få dette inn på det kommunale anlegget. Det ble i 2016 sett i drift tre nye pumpestasjonar. Totalt sett vart det lagt ned 3.200 meter med nye avløpsleidningar i 2016.

Spesielle hendingar

Hetlebakkane:

Bustadfeltet i Hetlebakkane på Reed vart opparbeidd i 2016.

Valborgkleiva:

Det vart sett i gang planlegging av nytt bustadfelt i øvre del av Valborgkleiva. Her blir det lagt til rette for 20 nye bustadtomter som i løpet av 2017 skal stå klar for sal.



Frå arbeidet med Hetlebakkane. Foto: Arne Mykland.

Brann og beredskap

Brannen i heradshuset på Sandane var den største utfordringa i 2016. Brannen vart stoppa i vestre del i 3. etasje og sjølv om det vart vass- og sotskadar i underliggende etasjar, vart klokketårn, dataanlegg og austre delen av bygget stort sett uskada. I tillegg vart mesteparten av arkivet berga. Mannskapet skal ha honnør for arbeidet som vart gjort her.

Gloppen Brann og Redning er organisert som eit deltidsbrannvesen. I tillegg til hovudstasjonen på Sandane har vi understasjonar i Hyen og Byrkjelo. Mannskap tilknytt stasjonane er frå 1. januar 2016 totalt 38 personar.

Bjarne Kleppe har vore brannmester på Byrkjelo og har vore tilknytt stasjonen på Byrkjelo i 52 år. Dette står det respekt av og er truleg rekord langt

utover nærområdet. Han har no etter eige ynskje avslutta arbeidsforholdet.



Brannmeister Bjarne Kleppe blir takka av etter 52 år som brannmann i Gloppen. Brann- og beredskapsjef Runar Kleppe t.v. Foto: Jan Nik. Hansen, Firda Tidend.

Gjennom året har det vore 31 alarmerte utrykkingar via Alarmsentralen. I tillegg har befalsvaka på Sandane handtert ein del mindre hendingar som teknisk vakt og mellom anna hjelp i fleire helseoppdrag. Tal på utrykkingar ligg lavt i samanlikna med dei siste åra. Brannslokking er berre ein liten del av oppgåvene, og spesielt utgjer trafikkulykker ein stor del av brannvesenet sine oppdrag. Vakthavande brannbefal har også politiet si oppgåve på ein skadestad, når denne etaten er fråverande.

Brannvesenet er no opplærde til samvirke med dei andre naudetataane, for å takle «Pågående livstruande vold» (PLIVO). I samband med dette har alle mannskapet vore til Nordfjordeid for opplæring saman med dei andre kommunane i Nordfjord.

Øvingar

Det vart gjennomført totalt åtte øvingar i 2016. Dei fleste øvingane vart haldne på kvar sin stasjon, men nokre øvingar vart halde som fellesøvingar. Den 4. april vart det halde ei større felles øving med aktørar frå alle tre stasjonane, politi, ambulanse, lege og 20 elevar frå Nordfjord Folkehøgskule. Situasjonen var ulykke med buss og personbil med 20 personar i bussen og personbil liggande på taket delvis under vatn i sjøkanten. Øvinga var planlagt i lag med brann, politi, lege og Nordfjord folkehøgskule. Beredskapsleiinga i kommunen vart innkalla og hadde ei rolle i redningsarbeidet og som igjen kalla inn kriseteamet. Øvinga var planlagt med personar som ringde til beredskapsleiinga og agerte både som pårørande og presse.

Etter oppfordring frå Luftambulansen vart det arrangert to kurs 'Mens du venter på ambulansen'. Luftambulansen var ansvarleg for gjennomføringa av kurset og stod for kostnaden med dette. I tillegg til at dei plasserte ut bag med utstyr med mellom anna hjertestartar til kvar stasjon. Det vart arrangert eit kurs i Hyen og eit på Sandane. På kurset i Hyen var det deltakarar frå brannmannskap og heimetenesta i Hyen.

Utstyr

For at brannmannskapet skal gjere ein best mogleg innsats er vi avhengige av at utstyret må virke til ei kvar tid. Det er derfor viktig å stadig fornye og halde utstyret i god stand. I 2016 vart stasjonen på Byrkjelo oppgradert med ny brukta mannskapsbil. På Sandane har vi kjøpt inn ein mindre båt med påhengsmotor for redning på is og vatn. Denne har vi kjøpt i lag med eininga for kommunalteknikk. Vi har vidare kjøpt inn nytt chassis til tankbil på Sandane. Dette har vi fått midlar til med Vegvesenet og som har samanheng med tunnelberedskap.

Prioriteringa no vil vere å skifte ut dei to eldste bilane i Hyen med ein såkalla 'framskutt enhet'.



Ny brannbil Byrkjelo. Frå venstre: Kjetil Fløtre, Joar Flølo og Atle Festervoll. Foto: Runar Kleppe.

Alle stasjonane har frigjeringsutstyr til bruk ved bilulykker. Det same gjeld røykdykkingutstyr. Røykdykking er naudsint med dagens slokketeknikkar. Det vert stilt spesielle krav til både mannskapet og utstyret som vert nytta til røykdykking. Brannvesenet har hjertestartar plassert på alle dei tre stasjonane. Det vert gjennomført regelmessige øvingar kvart år for å halde akuttberedskapen oppe.

Gloppen Brann og Redning er også med i Nordfjord IUA (oljevern). Havnefogden i Måløy er sekretær og har årleg møte og øvingar innafor dette området. Vi har i samband med dette fått ein del lenser og absorberingsutstyr. Dette utstyret tek stor plass og er derfor plassert på diverse andre kommunale lager.

Brannstasjon

Det er sett stort fokus på kreftfaren ved arbeidet med brann og eksponering av gassar og røyk. I samband med dette har vi fått melding om tilsyn fra Arbeidstilsynet. Vi har sendt inn oppgåve over tilstanden i dag, og reknar med at det kjem ein del krav til stasjonane. Dette er viktig og ei sak som vi må sette på dagsorden. Det vert òg arbeidd med planer om ny hovudstasjon på Sandane.

Førebyggande arbeid er ei prioritert oppgåve for brannvesenet. I kommunen har vi 60 bygg såkalla særskilte brannobjekt (t.d. skular, barnehagar, overnattingsverksemder og større arbeidsplassar). Dette utløyer ein del tiltak, også i bygg som kommunen eig. At tiltaka har verdi, syner brannstatistikken som viser at det svært sjeldan er brann i desse tilsynsobjekta.

Feiaren er rundt i alle husstandane i kommunen og har kontroll på behovsprøvd feiring og tilsyn med fyringsanlegg. Denne tenesta er eit sjølvkostområde og feieavgifta skal dekke dei reelle utgiftene med feiring av piper og tilsyn i bustadhús, utført av feiaren.

Utvordringar i framtida

Oppgåvane til det kommunale brannvesenet aukar stadig, samtidig som kravet til utdanning og

dokumentasjon vert auka. Gloppe Brann og Redning har grunna geografien og store avstandar, tre brannstasjonar med til saman 40 mannskap. Dette krev utstyr og kunnskap for å oppretthalde den sikringa for folk og verdiar som vert kravd frå direktoratet. Brannvesenet vert òg trekt meir med i den sivile beredskapen. Dette vil også føre til at oppfølging av mannskap er særskilt viktig, både for å halde oppe motivasjonen og for å sikre rekruttering av mannskap.



Frå brannen i heradshuset på Sandane natt til 11. august 2016. Foto: Jan Nik. Hansen, Firda Tidend.

MULTEK-utvalet – kultur og utvikling

Ressursinnsats kultursektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

KULTUR	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap
	2016	2016	i %	2015
Administrativ leiing	102	-	-	554 931
Aktivitetstilbod barn og unge	478 045	585 117	82	509 332
Anna førebyggande helsearbeid	29 051	49 207	59	90 723
Etablering og oppretth av eige bolig	-	-	-	38
Behandling av plansaker	936 310	609 791	154	102 829
Bustadbygging og fysiske miljøtiltak	-	-	-	4 476
Kommunal næringsverksem	1 118 830	1 181 209	95	1 279 885
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	1 138 946	837 594	136	1 051 296
Parkar, torg og idrettsanlegg	19 767	-	-	-
Naturforvaltning og friluftsliv	85 788	90 210	95	90 230
Kulturminnevern	19 979	-47 000	-43	7 594
Bibliotek	2 643 046	2 611 612	101	2 576 333
Kino	497 602	721 191	69	831 074
Museum	329 279	326 000	101	344 420
Kunstformidling	470 196	470 248	100	476 012
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	217 907	225 000	97	340 797
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	4 163 840	1 431 613	291	2 256 248
Kulturskulen	5 336 722	5 322 821	100	5 110 039
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg	226 168	230 000	98	214 407
Kommunale kulturygg	878 159	350 088	251	771 562
Den norske kirke	-	-	-	3 701 000
Andre religiøse føremål	90 852	75 000	121	65 856
TOTAL	18 680 588	15 069 701	124	20 379 082

- er lik mindreforbruk.

Det ‘dårleg’ rekneskapsresultatet skuldast i hovudsak det stengde bassenget i Trivselshagen.

Kort om året 2016

Dette kapitlet avspeglar den kommunale aktiviteten i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idretts-anlegg og friluftslivsaktivitetetar.

I 2016 kom Gloppen på 4. plass i Telemarksforskning si kåring av Årets kulturkommune i landet, og framleis den beste kommunen i fylket.

2016 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Aktivitetar for ungdom

Ungdomsrådet har hatt sju møte. Dei har arbeidd med ulike plansaker, kommunereforma, søknader til BUFDIR, fordeling av kulturmiddlar og UKM arrangement.



‘UKM-Gloppen’. Frå venstre: Sivert Solheim, Frida Bjørnereim, Malene Solheim, Sofia Hyttedalen og Lena Førde. Foto: Kjersti Rønningen.

‘UKM Intro’ gav 6. og 7. klassingar ein smakebit på UKM, med informasjon og verkstader i låtskriving, dans og foto.

‘UKM Gloppe’ i Trivselshagen laurdag 23. januar samla 19 deltakrar. Håvard Husevåg, Sofia Hyttedalen og Tormod Midtbø, fekk representere Sogn og Fjordane under UKM Festivalen i Trondheim

‘Rusfri 16. mai-natt’ i Trivselshagen med ny deltakar-rekord. Om lag 180 ungdomar møtte opp til taco, quiz, kino og loddtrekning på flotte premiar.

‘Ung Kulturnatt’ 11. november, for ungdomar frå 8. klasse og oppover med tilbod om konsert, bingo og andre aktivitetar.

Aktivitetar for funksjonshemma

- Roseklubben kvar måndag i Trivselshagen.
- Friluftsmoro på Veslevatnet
- Aktivitetstilbod i Trivselshallen, i samarbeid med idrettslinja på Firda
- Sommarfest i Jølet med deltakrar frå heile Nordfjord
- To veker med tilrettelagde sommaraktivitetar i juli, turar og aktivitetar i Gloppe.

Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på besökande i kultursalen	21.000	15.500	16.000	15.800	15.500	15.000	12.000
Talet på konsertar i kultursalen	85	67	71	72	67	63	50

2016 var eit aktivt år i Trivselshagen. Det er ny rekord på totalbesøket i kultursalen. Nytt billett-system der vi får fanga betre opp talet personar på gratis-arrangementa er ein grunn, men vi har også høgre billetsal. Mange lokale aktørar med gode

arrangement må få store delar av æra for den gode publikumsoppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som gjekk.

Trivselshagen Bad og Idrett

	2016	2015	2014	2013	2012
Besøk i badeanlegget	594	25.695	43.180	53.115	25.695

2016 har på mange måtar vore eit ‘unntaksår’ då vi måtte stenge badeanlegget 4. januar p.g.a. reparasjonsarbeid. Badeanlegget har vore stengt resten av året. Aktivitetene i resten av anlegget har vore god. Av større arrangement dette året kan vi nemne:

- JuniorNM i volleyball i mars (nasjonalt)
- KM kvallik i futsal i februar (regionalt)
- KM troppsgymnastikk i november (regionalt)
- Race Vikingtour sykkel overnatting i 3 døgn i august (nasjonalt).

I tillegg har vi større lokale arrangement gjennom året som t.d. friidrettsstemne, fleire minihandball-

turneringar, fleire handballskular, klatrestemne og turnbasar. Så kjem sjølvsagt alle terminfesta handball og volleykampar svært mange helgar i året.

Klatreveggen har synt ei positiv utvikling siste året når det gjeld aktivitet, med 2.621 registrerte besökande i 2016. Her er nok talet høgare då det framleis er ein del vi ikkje klarer å få gjennom registrering av ulike årsaker. Stadig fleire tar bratt-kort, og dette syner att på aktivitetene. Her må òg takast med at Nordfjord folkehøgskule, Firda vgs og Gloppe Klatrekklubb er flinke til å bidra med vedlikehald og fornying av ruter i veggen.



Frå junior-NM i volleyball. Foto: Øystein Sundal.

Gloppen kino

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Talet på besøkande	9.819	9.822	10.752	12.855	11.741	10.981	8.227	8.574
Omsetning inkl. mva	794.380	782.635	766.240	965.965	800.120	774.865	510.800	488.945
Framsyningar	261	241	317	312	294	245	205	199
Snitt per framsyning	38	41	34	41	40	45	40	43

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Kinobesøket har vore jamm dei to siste åra. Kinoen vart i 2016 stengt ein periode grunna tekniske problem, og vi ville nok sett ein liten auke utan denne hendinga. Det har vore godt besøk på norske filmar, dette utgjer om lag 35 % av det totale kinobesøket. Det var ingen store filmar, så besøket kjem av mangfold på kinoen.

Vi har vist 95 filmar fordelt på 261 visningar. Framsyningar i all hovudsak tre kveldar i veka.

Arrangement: Den Store Kinodagen, Rusfri 16. mai-natt, Q-Film, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken, Sommarkino, Julesamling for eldre m.m.

Gloppen folkebibliotek

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Totalt utlån	47.447	47.392	46.768	47.033	46.260	45.083	44.979	46.725
Besøk	36.336	34.698	34.212	34.010	34.740	39.515	39.986	40.937
Fjernlån (innlån)	1.005	1.089	1.013	950	783	791	763	825

Eit samla utlånstal på 47.447 viser at utlån av bøker og e-bøker har ein liten auke, både for vaksne og for barn, og som venta går utlånet av andre media noko ned. Denne auken i bokutlån i 2016, ei tid der lesing har mange konkurrentar, hadde ikkje skjedd utan aktuelle og nye titlar, engasjerte tilsette og ei stor leseinteresse i Gloppen.

Satsing på nynorske barnebøker og prosjektmidlar til auka innkjøp, syner att i kva slags titlar som vert mest utlånt: **18 av dei 25 mest leste barnebøkene er på nynorsk.**

E-bokutlån har auka til 1.728 (2015: 1207), og utgjer no 3,6 % av det totale utlån.

Besøkstala er noko aukande: 36.336 - opp 4,7 %.

På filialane er samla utlånstal ganske jamne, men særleg er det minkande utlån til vaksne i Hyen.

Nokre **digitale bibliotektilbod** i 2016: eBokBib, Filmbib.no, Pressreader, nb.no, Trivselshagen.no Søk i basen og fornying av eigne lån. Biblioteket er aktive på sosiale media: Facebook, Instagram og Twitter.

Biblioteka si rolle som formidlar og som møteplass viser seg i kvardagen i møte med besøkande, gjennom prosjekt, ved aktivitet på sosiale media, og ved ei rad tiltak og arrangement.

'Lesarhistorier': Prosjekt haust 2014 - sommar 2017

Biblioteket er eitt av seks bibliotek i fylket som er med på Sogn og Fjordane fylkesbibliotek sitt prosjekt 'Lesarhistorier', der kvar kommune arbeider med sitt unike prosjekt som handlar om barn og lesing.

Nye tiltak i 2016

var t.d. Avishjørnet i samarbeid med Frivillig-sentralen og ordførartreff.

Biblioteket er ein viktig stad for alle nye tilflyttarar og besøkande i kommunen. For framandspråklege er biblioteket er ein viktig døropnar til norsk språk, kultur og samfunnsliv. Som møteplass i lokal-samfunnet kan biblioteket bygge ned barrierer, fordi det er gratis, og fordi det er ope for alle.

Biblioteket i Trivselshagen er òg skulebibliotek for Firda vidaregåande skule. Fylkeskommunen dekkjer derfor ein del av dei totale utgiftene.



Alle niandeklassingane i kommunen fekk eit inspirerande møte med forfattaren Terje Torkildsen. Foto: Ann-Kristin Vik Fløtre.

Gloppen kulturskule

	2016	2015	2015	2013	2012
Elevtal	345	344	347	355	370
Venteliste	84	107	67	75	132
Sal av årsverk	3,09	3,03	3,2	3,45	3,32

Sal av tenester til korpsa i kommunen er stabilt medan sal av musikkterapi til skulane har auka litt. Sal til Firda vgs. har gått ytterlegare ned frå i fjar, frå 165 % stilling til 127 % stilling. Det tyder at salet til Firda er det lågaste på 10 år.

Distriktsmusikarane har vore aktive også i 2016, og har vore med på dei fleste store produksjonar i fylket dette året, t.d. Hoffmanns eventyr og Opera i kyrkja med Opera Nordfjord, Faures Requiem i Sogndal, Klassisk Lutt på NRK, Juleoratoriet i Vereide kyrkje og Sogn og Fjordane symfoniorkester sine konserter. Dei har vore på fleire turnear med Den kulturelle spaserstokken, og på turne på ungdomsskulane i fylket med Den kulturelle skulesekken. I tillegg har dei hatt mange små og store speleoppdrag både her i kommunen og i fylket elles.

Elevane vore har vore synlege og aktive også i år. To av elevane våre, Karen Ueland og Vegard Søren Holen Eimhjellen, hadde hovudroller i Opera Nordfjord sin Charlie Brown-framsyning i haust. Ingrid og Maria W. Ose, spelte piccolo og solofløyte i Oslo

Filharmoniske Orketer/Ung Filharmoni på konser i Oslo konserthus i haust. Og slagverkensemblen vårt tok seg til semifinalen i Ungdommens Musikkmeisterskap i Oslo i fjar vinter. Fleire elevar har også vore med på UKM, og teke seg vidare til fylkesmönstringa. Vi har hatt fleire danseframsyningar, i tillegg til å ha elevar med på 17. mai, STIL-festen, felles konsert med musikklinja på Firda vgs, ulike årsmøte og konferansar.

Julekonserten og Sommarfesten er årlege, store konserter der elevar, lærarar og distriktsmusikarar samarbeider, og dei har vore viktige og vellukka også i år. I tillegg til dette har vi hatt månadlege huskonserter og andre småkonsertar. Den største fellessatsinga i fjar, var førestillinga Fruksalat. Den blei ein suksess med solistar, orkester, dansarar, kor, kulturskuleelevar, Firda-elevar, distriktsmusikarar, kulturskulelærarar og også nokre lærarar frå Firda.

Elevar, lærarar og distriktsmusikarar deltok på om lag 100 konserter/arrangement i 2016.

Spesielle hendingar:

Sofia Hyttedalen, kulturskulelev på song, var ein av dei som kom gjennom nålaugen og fekk Norsk Tipping sitt Drømmestipend på 10.000 kr i 2016.

Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta og IT-avdelinga og eininga har vore i drift sidan august 2014.

Servicetorget

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte og utleie av kommunale bustader. I tillegg ivaretar servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har fire tilsette (3,8 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettbbrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og gloppen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nedsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemmekontor for Sandane-dagane.

Servicetorget deler kontorplass med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret.



Servicetorget i drift att i Trivselshagen føremiddagen på branndagen. Frå venstre Siv Kvalsik Haugen og Margrete Solheim. Foto: Anita C Grotle.

Nøkkeltal	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Søknader om bustøtte	78	***	***	164	187	204
Sum bustøtte i 1.000 kroner	1.752	1.523	1.860	2.132	2.424	2.874
Innvilga startlån til	9	9	14	14	16	5
Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til	4	5	5	6	3	2
TT-ordninga (drosjekort)*	251	242	237	239	239	230
Parkeringsløype*	7	5	2	8	4	5
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	4	6	4	3	4	6
Ambulerande skjenkeløype/løyve for eit enkelt høve*	1/15	0/15	3/18	13/19	10/19	4/25
Billettsal* (tal selde og utleverte billettar)	1.580	5.003	2.497	3.002	**	1.956
Tildeling av kommunal tomt*	7	6	7	3	2	2
Førehandsrøysting		854 ¹		968 ¹		677 ¹
Talet på journalførte inngående brev	7.166	7.491	7.490	8.213	6.439	6.194
Talet på journalførte utgående brev	4.091	4.621	5.428	5.707	4.336	4.250

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonnen tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

** Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

*** Statistikken for 2014 og 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustøtte, ikkje kor mange som har søkt.

Arkivtenesta



Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har på tre tilsette (2,3 årsverk). Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette.

Arkivtenesta gjorde ein framifrå jobb etter brannen. Løysingane våre viste seg å vere bra og lite eller ingenting av arkivverdig materiale vart heilt øydelagt under brannen.

Beringing av arkivmateriale i heradshuset var krevjande. Her er arbeidet i full gang. Frå venstre: Siv Kvalsvik Hauge, Maren Elise Vereide og Sissel Hauge Søreide. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

IKT-avdelinga

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har tre tilsette (2,4 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen.

Driftsansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

Personalavdelinga

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (2,0 årsverk).

Skatteoppkrevjaren

Frå 1. august 2014 er skatteoppkrevjaren organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med skatteoppkrevjaren som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (1,7 årsverk).

'Den siste skatteoppkrevjar i Gloppen', Oddfrid Rønneklev. Frå 1. januar 2017 har vi felles skatteoppkrevjar med Eid kommune. Frå same dato er også slutt på kontakt innbetaling av skatt. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.



Økonomiavdelinga

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ni tilsette (7,7 årsverk).

Oppgåvene/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkreving av kommunale avgifter, gebyr og andre utståande fordringar
- rekneskapsføring
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg
- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg

- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel.

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og Trivselshagen IKS, og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkreving for desse som for kommunen.

Økonomiavdelinga leier ut dagleg leiar til Gloppen Energi AS.



Lunsj i leigde lokale på Søreide. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvane åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	Årlege kostnader/inntekter				
			2016	2015	2014	2013	2012
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	75	75	74	74	74
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	- 172	-461	-210	-174	-162
Alarmsentralen Sogn og Fjordane	Brannvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)	749	749	742	619	512
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune	707	632	613	575	603
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid m/vertskommune	155	180	155	164	100
Trivselshagen IKS**	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjordnett	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune	2.902	2.454	2.711	774	-

Tal i 1.000-kroner.

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune sine kostnader til gratis tomt i Eidsmona for NoMil er ikkje med i oversikta.

** Den kommunale kostnaden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige for dei tenestene som har lokale i anlegget.



Nordfjordrådet på besøk hos kommunane i Hallingdal i september 2016. F.v. Birte Fossheim (sekretær for rådet), Leidulf Gloppestad, Kristin Maurstad (ordførar i Vågsøy), Per Kristian Storevik (rådmann i Stryn), Sven Flo (ordførar i Stryn), Stein Robert Osdal (ordførar i Selje), Ann Kristin Langeland (rådmann i Hornindal), Åslaug Krogsæter (rådmann i Eid), Stig Olav Lødemel (ordførar i Hornindal), Alfred Bjørlo (ordførar i Eid), Ørnulf Lillestøl (rådmann i Selje) og Jan Kåre Fure.

Lokalsamfunn



Grandeparken i Sandane sentrum på openingsdagen den 25. juni 2016. Foto: Roger Solheim.

Overordna planlegging, nærings- og samfunnsutvikling

Overordna planlegging

I forkant av den nye kommunestyreperioden, vart det hausten 2015 sett eit sterke fokus på å styrke administrasjonen sitt arbeid med overordna planlegging og samfunnsutvikling, og etablert fleire samarbeidsføra.

Trygge lokalsamfunn

I juni 2016 vart Gloppen kommune godkjent som ein 'Trygge lokalsamfunn'-kommune, som den første i Nordfjord og fjerde i Sogn og Fjordane. Godkjenninga er ei stadfesting av at kommunen jobbar systematisk for å førebygge skader og ulykker. I sertifiseringsuttalen vart det særskilt trukke fram kommunen sitt arbeid med *Utfordringsdokument 2015*, der det er lagt stor vekt på lokale tverresektorelle vurderinger, og på måten kommunen nyttar dokumentet som eit viktig grunnlag for prioriteringar og vidare planarbeid.

Kommunalt planforum

Vidare vart det hausten 2015 etablert ei administrativ plangruppe, for å sikre betre oversikt, heilskap og framdrift i kommunen sitt planarbeid.

I løpet av 2016 har kommunalt planforum blitt godt innarbeidd. Det har bidrige til betre kvalitet på kommunen sitt planarbeid, ein meir robust handtering av større og samansette planoppgåver og sørga for framdrift i arbeidet. Leiari av planforum har delteke i rådmann sitt i leiarmøte

ein gong i månaden, der plan og utvikling har stått på agendaen.

Planforum har i løpet av 2016 hatt fullt opp å gjere med planarbeid. I tillegg til arbeid med planstrategi for perioden, har det vore arbeid med oversikt av våre lokale utfordringar og sett i gang rullering og utarbeiding av ei rekke kommunedelplanar og temoplanar. Dei viktigaste er omtalt under:

Folkehelse

Den tverrfaglege fokusgruppa som har ansvar for å følgje opp folkehelselova sin § 5 om skriftleg oversikt over helsetilstand i befolkninga og påverknadsfaktorar i kommunen la fram si første oversikt for kommunestyret i februar 2016. *Utfordringsdokument 2015 – Faktorar som påverkar helse og trivsel i Gloppen* vart teke til orientering og det vart fatta vedtak om å bruke det som eit viktig grunnlag for den kommunale planstrategien for perioden 2016-2019.

Då utfordringsdokumentet var klart, starta arbeidet med den kommunale planstrategien for kommunestyreperioden. I april vart det gjennomført ein planstrategiverkstad der politikarar og sektor- og einingsleiarar jobba fram kommunen sitt utfordringsbilete, prioriterte satsingsområde for perioden og målbilete for samfunnsutviklinga. Til grunn for arbeidet låg nasjonale og regionale føringer, gjeldande kommuneplan/planstrategi og kommunen si helseoversikt: *Utfordringsdokument 2015*. Kommunalt planforum arbeidde vidare med det som kom fram på verkstaden, og *Kommunal planstrategi 2016-2020* vart vedteken i kommunestyret 26. september 2016.

Oppstart av arbeidet med ny kommuneplan

I tråd med vedteken planstrategi vart det varsla oppstart av arbeidet med samfunnssdelen i ny kommuneplan i oktober. Planprogrammet vart då lagt ut til høyring, og det vart godkjend i kommunestyret 19. desember 2016.

Tettstadutvikling

Sentrumsutvikling Sandane

Med bakgrunn i sentrumsanalyse og flaumanalyse for Sandane sentrum frå 2015, gjorde formannskapet den 17. oktober 2016 vedtak om å gå vidare med eit parallelloppdrag. To fagteam – Lala/ Pushak og Haugen/Zohar/ Asplan Viak - vart engasjerte for å lage framtidsskisser og kome med forslag til løysingar for korleis utvikle Sandane til ein attraktiv og berekraftig fjordlandsby. Hovudfokus som var sett for oppgåva var å utvikle sentrum meir på gåande og syklande sine premisser, og sjå vegnett og parkering opp i mot det. I tillegg til ei tilråding på bustader, næring og fortetting, utsjøen og møteplasser som gir liv til sentrum.

Parallelloppdraget og prosessane det er lagt opp til, vil tilføre kommune, politikarar, næringsaktørar, utbyggjarar, grunneigarar og innbyggjarar ny kunnuskap om tettstadutvikling. Dette er kompetanse som også vil kome dei andre tettstadane i kommunen til gode.

Næring

Året 2016 har vore spennande. Samhandling mellom næringsliv, bank, skule og kommune i forumet G4 fortset. G4 står òg som arrangør av frukostmøte som vart halde to gongar. Forumet G20 er møtepunkt der leiarane i dei 20 største bedriftene i kommunen samlast for å diskutere dagsaktuelle

tema og utfordringar. Dei møttest også to gonger i 2016

Næringsfondet i kommunen er attraktivt og burde vore større. Tildelinga vart gjort i *ein* omgang. I 2016 starta fleire nye bedrifter i kommunen, m.a. Piknikkurven, Lauget og BB Gjerdeservice. Gloppe Aktiv, som er under skiping, nytta året til å teste marknaden.

To store sjøsettingar, frå gamal og ny teknologi, fann stad i 2016. Br. Aa sjøsette The Fjords, medan Gloppe Camping sjøsette vikingskipet sitt. Begge turistattraksjonar i kommunen og fylket.

Kommunen hadde turistinformasjon hos Bakar Jon på Byrkjelo i tillegg til på heradshuset.

Grandeparken på Sandane opna 25. juni. Dessverre var sommaren 2016 våt og kald slik at dei badande ikkje fekk nytte parken som mykje som forventa.

Dei små enkle ting

- Masterplan for stisykkelsatsinga i kommune er ferdig.
- Arbeidet med utbygginga av Trivselsskogen starta 6. september. Arbeidet forventa ferdig i 2018.
- I romjula arrangerte kommunen ‘Kom til Gloppe’-konferanse i Trivselshagen. Over 80 møtte opp.

Bustadpolitikk

Bustader til vanskelegstilte

Dei første seks bustadane i Myklebusstunet vart innflytta i 2016. Samtidig har det vore jobba kontinuerleg med å skaffe til veie fleire private bustader til eit aukande tal flyktningar.

Investeringar

I 2016 har vi kjøpt nye aksjar i Visit Nordfjord AS for nesten 95.000,-. I tillegg kjem aksjekjøp i Voldsfjord-kryssing AS med kr 50.000,-.

Kostnaden med å kjøpe tilbake Elvaneset kom på om lag 3,4 mill., og vi har brukt om lag 2,1 mill. til grunnkjøp, hovudsakleg i Eidsmona. Kjøp av garasjen til Firda Billag i Hyen er utgiftsført med kr 360.000,-.

Til sentrumsutvikling er det brukt knapt 1,5 mill. Av dette har vel 840.000,- gått med til Grande-

parken på Sandane. Under sentrumsutviklinga er også ført utgiftene til den mellombelse leikeplassen i Sandane sentrum.

Vel 14 mill. er bruk til investeringar i bustader for vanskelegstilte. I dette beløpet ligg også kjøp av to bustader på Søreiide, der den eine vart selt på slutten av 2016. Hovudkostnaden til nye bustader er Myklebusstunet, som er det nye bustadområdet bak Best-stasjonen på Kleivedammen.

Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2016 var det 21 heilt arbeidsledige i Gloppe kommune. Dette utgjer 0,7 % av arbeidsstokken. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,6 %, og i landet på 2,8 %.

I gjennomsnitt hadde Gloppe ei arbeidsløyse på 0,9 % i 2016. Arbeidsløysa i Gloppe har over tid vore stabilt låg.

Mottak og integrering av flyktningar

I 2016 busette kommunen 37 nye flyktningar. Av dette var 17 vaksne, 17 barn og 3 einsleg mindreårige. Integreringstilskotet frå staten kom på til saman kr 24.842.873,-.

49 flyktningar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit toårig kvalifiseringsprogram med rettar og plikter. Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine

sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

Resultata for 2016 syner at 70 % av dei som avslutta programperioden sin i fjor gjekk direkte ut i lønna arbeid eller vidare i utdanning. Gloppe kommune har over tid hatt gode resultat på dette området.



Frå opninga av den nye leikeplassen på Heradspllassen 15. juni 2016. Foto: Maren Elise Vereide.

Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representer Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2016/2017 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet:
Leidulf Gloppestad (Sp), med Laila Frøystad Falck (Ap) som vara – Roar Henden (H), med Audun Mundal (KrF) som vara – Mariel Eikeset Koren (MDG), med Gro Vereide (SV) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapen): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Magni Aa Berge (Sp), med Anne Grete Hoddevik (SD) som vara. Magni er leiar av representantskapet.

Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Audun Mundal (KrF) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet:
- Bernt Reed (Sp), med Bjarte Gangeskar (V) som vara
- Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med Marit Reikvam (V) som vara. Ragnhild Bruvoll og Jan-Kjetil Øygard er kommunale representantar i styret der sistnemnde er styreleiar.

Stiftinga Frivilligsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med Marit Straume (Sp) som vara.
Kommunal representant i styret: Per Ståle Husevåg (KrF).

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i styret med Magni Aa Berge (Sp) som vara.

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem til representantskapet i stiftinga: Audun Mundal (KrF), med Kent Øystein Hjelle (Sp) som vara. Kommunale representantar i

styret: Oddrun U. Slagstad (Sp) og Frode Fagerli (KrF).

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Kjellrun Hjeltnes (SD) som vara.

Fjellstad stiftelse

Kommunal representant i styret: Roar Henden (utpeika av rådmannen).

Kommunerevisjonen i Nordfjord (§ 27)

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet Frode Fagerli (KrF), med nestleiar Bjarne Bø (Sp) som vara.

SEKOM-sekretariatet (§ 27)

Kommunen sitt medlem i styret: Per Rune Vereide (Sp), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Per Ståle Husevåg (KrF), med Petter Lothe (Ap) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Venke Kollbotn (KrF), med Vidar Sandal (Sp) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sjur Atle Austrheim (V) med Gunnvor Sunde (SD) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

Ålfotbreen landskapsvernombområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Årets prisvinnarar i 2016

Kulturprisen til Remi Tystad



Prisvinnar Remi Tystad (til høgre) saman med ordførar Leidulf Gloppstad og nestleiaeren i MULTEK-utvalet, Audun Mundal. Foto: Jan Kåre Fure.

Kulturprisen for 2016 vart tildelt Remi Tystad, med denne grunngjevinga: «Han har stått bak etableringa av GloppeRock og Gloppe Musikkforum. Han har mellom anna jobba aktivt sidan 1978 for at publikum i regionen har fått oppleve store internasjonale og nasjonale artistar.

Prisvinnaren er først og fremst ein representant og primus motor for ein organisasjon som hadde sin spede start allereie i 1978 og som i 1980 etablerte eit arrangement som i dag har status som Norges eldste rockefestival. I 1984 sto prisvinnaren bak etableringa av det som vi i dag kjenner som Gloppe Musikkforum. Forumet er ei ideell foreining som arrangerer konserter, der GloppeRock har vore fyrtårnet. GloppeRock er ei kjend merkevare. GloppeRock har prega og hatt positiv betydning for det lokale og regionale musikklivet.

Prisvinnaren har bidrøge til at publikum i kommunen og i regionen har fått oppleve 'i levande live' store internasjonale og nasjonale artistar, til dømes Uriah Heep, Nazareth, Åge Aleksandersen, Dum Dum Boys og Gabrielle og mange mange fleire. Å invitere så store og dyre artistar og samtidig vere prisgitt om det vert sol eller regn på konsertdagen, ja, det er ein ekstremsport, ja, rett ut ein risikosport som eg trur eg uvanleg for ein traust gloppar.

Det må òg nemnast at utan frivillig innsats og dugnadsånd, så ville det ikkje vere mogeleg å gjennomføre GloppeRock i den form som denne festivalen har hatt. Eg er sikker på at det er mange i denne salen som ein eller annan gong har bidrøge til dei over to tusen dugnadstimane som årleg har vore lagt ned i samband med GloppeRock. Sånn sett

passer det bra å gje dugnadsånda ein ikkje så liten klapp på skuldra».

Ungdomens kulturpris til Gloppe kulturskule sitt slagverkensemble



Prisvinnarane: Frå venstre: Espen Reed, Arild Bjørkelo, Elias Voll og Edvard Røgeberg. Foto: Gloppe kulturskule.

Ungdomsrådet deler kvart år ut Ungdomens kulturpris i samband med UKM. I 2016 gjekk prisen til Gloppe kulturskules Slagverkensemble. Dette er fire guitar som har spelte i lag i mange år, og som har utmerka seg på mange konserter og framføringar. Dei har delteke på UKM Gloppe og UKM Sogn og Fjordane, dei har arrangert eigen konsert i kultursalen og kom til finalen i Ungdommens Musikkmesterskap. Elles har dei mange ulike speleoppdrag i løpet av eit år, og spelar vanskelege rytmar med høg presisjon og mykje energi.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris til Kristin Svarstad



Arbeidsmiljøprisen omfattar ein diplom, ein gavesjekk på kr 5.000 og ein blomsterbukett. Kristin Svarstad tek her i mot prisen frå ordførar Leidulf Gloppstad. Foto: Jan Kåre Fure.

Årets arbeidsmiljøpris vart tildelt Kristin Svarstad, som har vore tilsett på 'Furubu' sidan eininga opna for 20 år sidan. Ordføraren ordla seg slik ved utdelinga: «I løpet av desse åra er det bygd opp eit tilbod som er tilgjengeleg både for brukarar som treng heildøgnsoppfølging og heimebuande brukarar som treng ekstra oppfølging i det daglege. 'Furubu' er no lagt under psykisk helseteneste og der er etter kvart ei stor brukargruppe med mange ulike utfordringar som nyttar seg av eininga i ulik grad. Det er mange som finn tryggleik i å vite at dørene på 'Furubu' alltid står opne og at ein alltid er velkomne der.

'Furubu' har over tid hatt store faglege utfordringa og langtidssjukmeldingar som har utfordra stabiliteten i personalgruppa. Kristin har hatt ansvar for dagleg drift det siste året. Ho har teke på seg ansvar og arbeidsoppgåver utover det ein kan forvente. Ho har vore ein styrke for eininga med tanke på utfordringar både i høve drift og ivaretaking av brukarane. Med henne i leiinga har personalet klart å halde fokus på å skape tryggleik og trivsel i brukargruppa.

Kristin er alltid positiv i møte med brukarane og har ei særskilt evne til å reflektere rundt brukarane sine behov og ressursar. Ho søker alltid å finne tiltak som fremjar brukarmedverknad og som kan styrke brukaren si meistringskjensle. Ho er løysingsorientert og ser etter moglegheiter der andre ser utfordringar. Ho ivaretok ikkje berre brukarane, men også kollegaene sine og syner til ei kvar tid omsorg for alle ho har rundt seg. I tillegg er ho oppteken av fagleg utvikling og å tilegne seg den kunnskapen ho treng for å utføre arbeidsoppgåvene sine best mogleg. 'Furubu' oppnår gode faglege resultat, og Kristin er pådrivar for å sikre at eininga til ei kvar tid utviklar seg til beste for brukarane.

Gode rutinar, tydeleg kommunikasjon, erfaring og kunnskap er stikkord som representerer både 'Furubu' og Kristin godt».

Byggeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2016.

'Årets gloppar' - Gunhild Skinlo



Gunhild Skinlo fekk prisen som «Årets gloppar» for 2016. Prisen består av eit diplom og eit bilet av Eikeseth Nygjerd Fotografi. Foto: Jan Kåre Fure.

Prisen som 'Årets gloppar' 2016 vart tildelt Gunhild Skinlo på kommunestyret sitt mars-møte i 2017.

«'Årets gloppar' 2016 er ein person som over lang tid har utøvd ein ueigennyttig innsats for ei gruppe menneske som svært ofte fell utanfor. Sjølv om det er brei semje i Norge om at samfunnet vårt skal vere for alle, så er røynda dessverre ofte ei anna. Ei lang rekke enkelttilfelle i Norge sine kommunar viser at det framleis er myke ugjort før personar med utviklingshemming får sin rett også i praksis. Difor er det så utruleg viktig at vi har organisasjonar og enkelt-personar som stiller opp for dei utviklingshemma og aktivt bidreg til å gjere kvardagslivet litt lettare for dei og deira familiær.

At menneske med utviklingshemming også skal få del i kulturlivet har heile tida stått sentralt i prisvinnaren sitt arbeid. I 2006 fekk Norsk Forbund for Utviklingshemma, avdeling Sogn og Fjordane, fylkeskommunen sin kulturpris, ikkje minst på grunn av kulturfestivalane som fylkeslaget har skipa til sidan 1988. Det var 'Årets Gloppar 2016' som saman med fleire eldsjeler stolt kunne ta i mot den prisen.

Prisvinnaren har vore leiar av fylkeslaget til Norsk Forbund for Utviklingshemma og er no leiar for Gloppen NFU. Prisvinnaren er særleg dagsaktuell i samband med konstruktive innspel til høyringa av Gloppen kommune sin *plan for samordning av tenester til barn og unge*.

Gjennom eit langsiktig arbeid og ein stor innsats har prisvinnaren medverka til at mange utviklingshemma er blitt betre integrert og inkludert. Det har gjort dei rikare, og det er heller ikkje i tvil om at det har gjort lokalsamfunnet og oss alle rikare».

